

Karina Kojedahl Bjørkedal

Forsyningssikkerhetas mediekraft

- Ei kvantitativ medieanalyse av Adresseavisen, Aftenposten og Bergens Tidende

Trondheim desember 2011

Nå får du kraftig strøm-sjokk

Strømprisene stuper

DET REGNER - GÅR IKKE STRØMPRISEN NED?

**Norsk strømkrise - en
bløff**

Skru av strømmen!

- Bør dusje om kvelden for å unngå strømkrise

Takk!

Denne oppgåva representerer slutten på både mi mastergrad i medier, kommunikasjon og informasjonsteknologi ved NTNU, og ei sjuårig studietid. Forsyningssikkerheit er eit fagfelt eg hadde relativt lite kjennskap til då eg starta, noko som har vore både utfordrande og spennande. Etterkvart som eg har lært meir om kraftbransjen, ser eg kor kompleks og samtidig spennande denne bransjen faktisk er. Slik eg ser det, er god kommunikasjon heilt avgjerande for å lukkast i kraftbransjen, særleg etter endringane som kom med Energilova 1991. For ein kommunikasjons-nerd som meg, har det difor vore veldig artig å få jobbe med denne problematikken i masteroppgåva.

Først og fremst vil eg gjerne få takke rettleiaren min, Toril Aalberg, som har hjelpe meg under heile prosessen med oppgåva; frå utforming av problemstilling til ferdigstilling av oppgåva. Takka vere gode, raske og ikkje minst konstruktive tilbakemeldingar har arbeidet med masteroppgåva gått utruleg smertefritt og greitt!

Eg vil også takke Gerd Kjølle, prosjektleiar på SINTEF Energi, for at eg har fått lov til å vere med i Sårbarheitsprosjektet dei siste to åra. Det har vore utruleg lærerikt! Eg vil også takke NTE Nett, ved Jan Foosnæs, for samarbeidet, og for at eg har fått innsikt i aktuelle problemstillingar og utfordringar for eit nettselskap i dagens kraftmarknad. Eg håper at Sårbarheitsprosjektet og NTE Nett opplev at denne oppgåva er nyttig, og at den kan tilføre nye opplysningar og synspunkt på bransjen. Samtidig håper eg at oppgåva mi også kan tilføre ny innsikt for andre som er interesserte i denne tematikken.

Til slutt vil eg takke dei to gutane mine på heimebane; Odd Erling og Sverre. Ingen ting kan få ein til å gløyme Stortingsmeldingar, NOU'ar og innleveringsfristar så fort som ein eittåring som nettopp har lært å gå og klatre! Og kjære Odd Erling, takk for at du alltid er så positiv og interessert! Det er ikkje få kveldar du har brukt på å sjå gjennom utkast, korrekturlese eller vere ein god diskusjonspartnar. Takk!

Trondheim, 13. desember 2011

Karina Kojedahl Bjørkedal

Innhald

| | |
|--|-----------|
| 1. Innleiing | 1 |
| 1.1 Mitt oppdrag | 1 |
| 1.2 Mi rolle | 2 |
| 1.3 Problemstilling | 3 |
| 1.4 Framgangsmåte og metode | 3 |
| 1.5 Oppgåvas oppbygning | 4 |
| 2. Forsyningssikkerheitsdebatten- eit mangfald av aktørar og interesser | 5 |
| 2.1 Sima-Samnanger | 10 |
| 3. Media som arena og aktør | 13 |
| 3.1 Tolkingsrammer | 15 |
| 4. Tolkingsrammer i forsyningssikkerheitsdebatten | 19 |
| 4.1 Pris | 19 |
| 4.2 Miljø | 20 |
| 4.3 Forsyningssikkerheit | 21 |
| 5. Metodiske betraktingar | 23 |
| 5.1 Innsamling av data | 23 |
| 5.2 Reliabilitet, validitet og generalisering | 26 |
| 6. Forsyningssikkerheitas mediekraft | 31 |
| 6.1 Rammer | 31 |
| 6.2 Aktør | 36 |
| 6.3 Prioritering | 42 |
| 7. Konsekvensar for NTE Nett sin kommunikasjon | 49 |
| 7.1 Klart standardsvar | 49 |
| 7.2 På nett med straumrekninga | 50 |
| 7.3 Miljø i vinden | 51 |
| 7.4 Utbygging og føre var | 52 |
| 8. Avslutning og konklusjon | 53 |
| 9. Litteraturliste | 55 |

Appendix

| | |
|---|----|
| Appendix A..... | 61 |
| Tabell A1: Rammer fordelt på riks- (R) og lokalpolitikarar (L)..... | 61 |
| Tabell A2: Myndigheter og kraftbransje fordelt på kraftmangel-ramma | 61 |
| Tabell A3: Aktør fordelt som primær- og sekundærkjelde..... | 62 |
| Tabell A4: Rammer fordelt på primær- og sekundærbruk..... | 62 |
| Appendix B..... | 63 |
| B1: Oversikt over enkeltaktørar i utvalet..... | 63 |
| B2: Kodebok..... | 65 |
| Appendix C..... | 70 |
| C1: Eksempel på nettleigekalkulator..... | 70 |

Figurar og tabellar

| | |
|---|----|
| Figur 1: Fordeling av artiklar etter avis. | 25 |
| Tabell 1: Tema fordelt på avis | 31 |
| Tabell 2: Forsyningssikkerheitsområde fordelt på avis | 33 |
| Tabell 3: Rammer fordelt på avis..... | 34 |
| Tabell 4: Aktør fordelt på avis | 37 |
| Tabell 5: Primærrammer fordelt på aktør | 38 |
| Tabell 6: Sjanger fordelt på avis | 43 |
| Tabell 7: Aktør fordelt på sjanger | 44 |
| Tabell 8: Rammer fordelt på sjanger..... | 46 |

1. Innleiing

I eit moderne samfunn er elektrisitetsforsyninga ein av dei viktigaste nervetrådane. Samfunnets avhengigheit av kritiske infrastrukturar som vatn, elektrisitet og telekommunikasjon gjer oss sårbare for avbrot i desse. Dette vart for alvor satt på dagsordenen i norsk samfunnsdebatt i kjølvatnet av det såkalla "Sårbarheitsutvalet", leia av tidlegare statsminister Kåre Willoch. Utgreiinga (NOU 2000:24) skildrar ei rekke utfordringar for det norske samfunnet, mellom anna anstrengt kraftbalanse, lengre straumavbrot, forventningar om auka klimabelastning og auka frykt for terror.

Hausten 2011 vart det nordaustlege USA ramma av ein kraftig vinterstorm som førte til at tre millionar menneske vart utan straum. Fjorten stykk mista livet som eit direkte resultat av straumbrotet. Også i januar 2009 opplevde fleire amerikanske statar ein kraftig isstorm, som førte til eit omfattande straumbrot der meir enn 2 millionar innbyggjarar vart berørt i fleire statar. Meir enn 500 000 personar var utan strøm under stormen, og over 100 000 vart straumlause i over ei veke etterpå. Til saman tok stormen livet av 65 personar, og dei fleste dødsfalla var knytt til kolosforgifting, som følgje av at folk brukte straumaggregat innadørs utan tilstrekkeleg isolasjon. I Norge har ein ikkje hatt like alvorlege hendingar, men også her har ein opplevd lengre straumbrot. I 2007 opplevde Steigen kommune i Nordland eit langvarig straumbrot, då det vart brot på hovudforsyninga av straum. I vintertemperaturar ned mot tjue minus, var store delar av kommunen utan straum i seks døgn. Etterkvart braut delar av telefonlinjene saman, og ingen alarmtelefonar eller vakttelefonar fungerte. Under det avsluttande arbeidet med denne oppgåva vart Norskkekysten ramma av stormen 'Berit'. Ekstremværet førte til både straumavbrot og øydelagde telefonsenderar fleire stader.

1.1 Mitt oppdrag

Denne masteroppgåva er utført på vegne av Nord Trøndelag Energi Nett (NTE Nett), eit nettselskap i Nord Trøndelag. Både denne oppgåva og NTE er ein del av prosjektet "Vulnerability and security in a changing power system" (Sårbarheitsprosjektet) ved SINTEF Energi, eit prosjekt som ser nærmere på ulike tema knytt til sårbarheit i kraftnettet og risiko for straumbrot. Formålet er å auke kompetansen rundt sårbarheit i det skiftande

straumforsyningssystemet, spesielt med tanke på nye krav og skiftande driftsforhold, og dermed bidra til å sikre eit tilfredsstillande nivå av forsyningssikkerheit. Samarbeidspartnerar i prosjektet er mellom anna Norges Forskningsråd, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, Norges vassdrags- og energidirektorat, i tillegg til rundt ti straumleverandørar, inkludert NTE. Oppdraget frå NTE Nett er å sjå nærare på det dei oppfattar som sprikande, og til dels sjølvmotseiande haldningar hos sine kundar. Dei opplev av kundane deira er opptatt av å sikre ei god forsyningssikkerheit, men at dei ikkje er villige til å betale for dette, eller sjå infrastrukturen. I tillegg vil dei at eg skal komme med innspel til korleis dei kan kommunisere best mogleg til sine kundar.

1.2 Mi rolle

Som sagt er eg ein del av eit forskingsprosjekt på SINTEF Energi, og denne oppgåva er eit resultat av ein forespørsel frå ein av dei andre prosjektdeltakerane. At oppgåva er eit bestillingsverk, og at eg er med i eit prosjekt som hovudsakleg representerer kraftbransjen, kan vere problematisk for mi truvert som uavhengig forskar. Likevel ser eg ikkje på dette som eit stort problem, då alle som skriv ei oppgåve vil ha ei eller anna form for motivasjon for å skrive den. Som deltakar av sårbarheitsprosjektet i nesten to år, har eg fått kjennskap til ein bransje som før var heilt ukjent. Gjennom tidlegare oppgåver, om mellom anna forskingsformidling og Sima-Samnanger ("monstermastene"), har eg fått innsikt i aktuelle problemstillingar knytt til kraftbransjen. Dette har gjort meg nysgjerrig på å lære meir om denne bransjen, og dette var noko av motivasjonen for å jobbe med denne tematikken også i masteroppgåva.

Ein kan likevel seie at det er problematisk å undersøke eige interessefelt, utan å ha ein objektiv distanse til det ein skal undersøke. Val av metode kan difor vere med å løyse noko av problematikken knytt til subjektivitet. I denne oppgåva er det brukt kvantitativ innhaldsanalyse, ein metode som til ei viss grad kan avgrense subjektiviteten, samtidig som den gir innsyn i vurderingar som er gjort. Gjennom openheit om innsamling, bearbeiding og analyse av materialet, kan ein gje andre innsyn til å kontrollere forskingsarbeidet. På den måten kan ein seie at subjektiviteten avgrensast. Det må likevel understrekast at metoden

ikkje først og fremst er valt med omsyn til subjektivitetsspørsmålet. Dette vil bli gjort nærmere greie for i metodekapittelet.

1.3 Problemstilling

Det er fleire måtar å studere folk sine haldningar på, til dømes kan ein bruke datamateriale frå store spørjeskjema; gjennomføre intervju, eller sjå på teori knytt til haldningsdanning. Eg har valt å sjå på mediedekninga. Dette har eg gjort fordi eg trur måten media framstiller ei sak på, vil kunne seie noko om, og kanskje til og med forme, haldningane til mediekonsumentane. Dette vil bli diskutert meir grundig seinare i oppgåva.

Problemstillinga mi er utvikla i samarbeid med prosjektleiaren for sårbarheitsprosjektet Gerd Kjølle, og administrerande direktør i NTE Nett Jan A. Foosnæs. Den tek utgangspunkt i det NTE Nett oppfattar som sjølvmotseiande haldningar, og er som følgjer: *Kan ein seie at mediedekninga av forsyningssikkerheita er prega av ein dobbeltmoral?*

Dobbeltmoral i dette tilfellet vil altså peike på misforholdet mellom å krevje god og stabil straumforsyning, utan å ville bidra til å oppretthalde dette i form av finansiering av vedlikehald og utbygging av straumnettet, samt å godta ein synleg infrastruktur. Men er det mogleg å definere moral og dobbeltmoral i ei mediedekning? Dette skal eg problematisere seinare i oppgåva.

1.4 Framgangsmåte og metode

Denne oppgåva er ein del av masterstudiet Medier Kommunikasjon og Informasjonsteknologi. Dette er eit "tværfaglig mediestudium der en får både praktisk og teoretisk innblikk i medienes ulike sider" (NTNU studiehandboka). Denne oppgåva er av praktisk art. Dette inneber at oppgåvearbeitet primært er "rettet mot bestemte praktiske mål eller anvendelser" (Hornmoen 1999:59), noko som igjen betyr at oppdragsgjevar skal ha konkret nytte av mitt arbeid. Eg har difor gjennomført ein innhaldsanalyse av avisartiklar henta frå Adresseavisen, Bergens Tidende og Aftenposten, der eg kartlegg kva haldningar og argument som vert brukt i debatten om forsyningssikkerheit. Basert på denne analysa kjem eg med innspel til korleis NTE Nett kan oppretthalde ein god og målretta kommunikasjon med sine kundar. Gjennom å undersøke kva tolkingsrammer som vert brukt i media, håper

eg å kunne seie noko om kva haldningar og argument som kan knytast til dei ulike aktørane, og dermed få meir kunnskap om dei. Denne kunnskapen meiner eg er nøkkelen til god kommunikasjon.

Eg har analysert 358 avisartiklar frå Adresseavisen, Bergens Tidende og Aftenposten, for å kunne seie noko om kva som pregar mediedekninga av forsyningssikkerheitsproblematikken. Eg har tatt utgangspunkt i åtte ulike tolkingsrammer og sett på korleis dei vert brukt, og kven som eventuelt bruker dei. På den måten får eg innsikt i kva argument som vert veklagt av dei ulike aktørane, noko som gjer at eg kan kome med innspel til ein kommunikasjonsstrategi som tek høgde for dei eksisterande haldningane knytt til temaet. Eg har også sett på korleis dei ulike tolkingsrammene og aktørane vert prioritert, noko som også legg føringar for kommunikasjonen.

1.5 Oppgåvas oppbygning

Vidare i oppgåva vil eg først gjere greie for temaet forsyningssikkerheit; det overordna temaet i denne oppgåva. Her vil eg også komme inn på aktørane som er ein del av forsyningssikkerheitsdebatten, og som er forventa å vere tilstade i avisartiklane. Eg har valt å presentere dette temaet og aktørane ikkje fordi eg trur dei er ukjente for NTE, men fordi eg håper denne oppgåva kan vere forskningsmessig relevant også for personar som ikkje har den same kjennskapen til norsk kraftbransje, og forsyningssikkerheitsdebatt. Etter dette vil eg gjere greie for medias rolle, som omfattar både å vere arena og aktør. I denne presentasjonen vil eg også gjere greie for kva tolkingsrammer er, og korleis omgrepene vert definert i denne oppgåva. Deretter vert tolkingsrammene i forsyningssikkerheitsdebatten presenterert, og vidare kjem ei avklaring av den metodiske tilnærminga. Sjølve analysa vil fokusere på særleg tre ting; kva rammer som vert brukt, kva aktørar som får sleppe til, og korleis avisene prioriterer dei ulike aspekta av forsyningssikkerheitstematikken. Oppgåva vert avslutta med ei drøfting av kva kommunikasjonsmessige konsekvensar funna frå analysa har for NTE Nett, og ei avslutning der eg drøfter resultata frå analysa opp mot problemstillinga.

2. Forsyningssikkerhetsdebatten- eit mangfald av aktørar og interesser

Forsyningssikkerheit kan definerast som “kraftsystemets evne til å levere elektrisk energi til sluttbruker” (Kjølle, Mongstad og Samdal 2006). I Norge skal sentralnettet driftast etter N-1 prinsippet, det vil seie at om det vert feil på enkeltkomponentar i nettet, til dømes ei linje, skal systemet likevel klare å levere nok energi til alle sluttbrukarane (Statnett 2011). Stabil, og sikker tilgang på elektrisk energi heile døgnet, heile året, er heilt avgjerande for dagens Norge, og ikkje minst vert det forventa av forbrukaren.

Elektrisk kraft har gjennom hele førrre århundre blitt sett på som ein avgjerande faktor i økonomisk utvikling, og ei viktig vare og ressurs i velferdssamfunnet. Dette har blitt ytterligare forsterka av den moderne utviklinga av teknologi og kommunikasjon: For nokre tiår sida var det utenkeleg at alle skulle gå rundt med kvar sin smarttelefon, og ha tilgang til heile verda uansett kor ein måtte opphalde seg. Kraftbransjen derimot, har ikkje endra seg mykje, og vert stort sett drifta på same måte i dag som for 100 år sida. Store kraftverk genererer elektrisk kraft som vert overført til forbrukaren gjennom eit distribusjonsnett, og det er få, og avgrensa måtar å styre forbruket på. I mange land, inkludert Norge, er overføringsnettet i ferd med å verte gammalt, og vedlikehaldsarbeidet er i løpet av dei siste 10- 20 åra blitt nedprioritert (Statnett 2011, Kjølle m. fl. 2006). I kombinasjon med auka elektrisitetsforbruk, har dette resultert i ein meir anstrengt kraftbalanse og ei hardare drift av kraftsystemet totalt sett.

Særleg det siste året har ein sett behovet for eit styrka sentralnett. Vintaren 2009/ 2010 vart det satt ny rekord for maksimalt forbrukt i Norge (Statnett 2010). Som eit konsekvens av dette vart det satt ny rekord for høg straumpris, med store prisforskjellar i dei ulike prisområda i Norge og antall timer med svekka forsyningssikkerheit inn mot dei største byande auka. På grunn av lite snø om vintaren, var behaldninga i vassmagasina denne våren rekordlåg. Dette førte til rekordstor import av kraft sommaren 2010, med tilsvarande rekordlåg innanlands kraftproduksjon (Statnett 2010). Det høge forbruket og dei låge magasinnivåa førte til ein anstrengs kraftsituasjon, særleg i Midt Norge og på Vestlandet. Saman med Stavangerområdet og Nord Norge er dette dei mest utfordrande områda med

tanke på forsyningssikkerheit. Til desse områda er det, ifølgje Statnett, behov for ny og utbetra overføringskapasitet for å sikre ei tilfredstillande forsyning.

Ein kan seie at kraftbransjen hovudsakleg består av tre aktørar; kraftprodusentar, kraftleverandørar og nettselskap. Vidare i oppgåva vil desse bli sett på som ei aktørgruppe, kalla kraftbransjen/ kraftselskap; eg skil altså ikkje mellom produsent, og leverandør og netteigar seinare i analysa. Dette er først og fremst gjort fordi dei, samanlikna med dei andre aktørane, representerer dei same interessene. Forskjellane som måtte vere mellom desse tre gruppene er ikkje relevante for denne oppgåva. I kraftmarknaden skil ein gjerne mellom engrosmarknaden, og sluttbrukarmarknaden. Engrosmarknaden er marknaden for handel mellom kraftprodusentar og store kjøparar, og kallas Nord Pool. Her sel norske, svenske, danske og finske kraftprodusentar krafta si til høgstbydande. Statkraft er Norges største kraftprodusent, og er organisert som eit statleg eigd aksjeselskap med Nærings- og Handelsdepartementet som eigarar. Kraftleverandørane handlar inn si kraft på Nord Pool, før den vert omsett i sluttbrukarmarknaden (NVE 2011). Sluttbrukarmarknaden er for forbrukaren som handlar straum til eige forbruk, og her konkurrerer kraftleverandørane mot kvarandre. Kundane står altså fritt til å velje den leverandøren og avtalen dei vil. I tillegg til prisen for sjølve straumen (krafta), må kundane betale nettleige og offentlege avgifter. Nettleiga, som utgjer omtrent førti prosent av straumrekninga, skal dekke utgiftene for å transportere energien frå marknaden til forbrukaren, og denne vert regulert av myndighetene (gjennom NVE). Nettselskapa eig, og er ansvarlege for straumnettet, og sørger for at straumen frå den kraftleverandøren kunden har valt, vert transportert til huset. Nettselskapa har monopol på sine tenester, innafor sitt geografiske område. Forbrukaren kan altså ikkje bytte nettselskap. Statnett, organisert som statsføretak underlagt Olje- og Energidepartementet (OED), eig omtrent 87% av det norske sentralnettet (Almklov, Antonsen, Fenstad, Jacobsen, Nybø og Kjølle 2009).

I år er det tjue år sida Norge innførte Energilova, ei lov som omstrukturerte, og liberaliserte den norske kraftbransjen. Målsettinga med den nye lova var å gje forbrukaren rimelegare kraft, dempe den politiske styringa og sikre at kraftselskapa i større grad la til grunn økonomiske kriterier i vurderinga av investeringar (NOU 2000:24). Lova legg altså til rette for eit kommersielt system, med konkurranse på produksjon og pris; kraftbransjen skal no

styrast etter marknadsprisnipp, og ikkje etter politisk styring. Energilova har vore gjenstand for kraftig debatt heilt sida den vart innført, og fleire har tatt til orde for at den må gjerast om på, at den har hatt utilsikta verknadar, eller at den rett og slett ikkje fungerer, då den ikkje har ført til lågare straumprisar for forbrukaren. Det har særleg vore mykje debatt om politikarane si nye rolle, etter innføringa av lova. Det er ueinigkeit både mellom dei ulike partia, og hos forbrukarane, om kor stor grad politikarane skal vere involvert i styringa av denne sektoren. Ei undersøking gjennomført av Karlstrøm (2011) syner til dømes at forbrukarane meiner at politikarane må få større kontroll over utbygginga av elektrisk kraft, og at dei har eit stort ansvar for å fremje utbygginga av fornybar energi i Norge. Når marknaden ikkje fungerer som forventa, altså at den ikkje leverer tilstrekkeleg straum til ein overkommeleg pris til alle delar av landet, ser ein at mange tek til orde for politiske inngrep. Ein etterlyser med andre ord politisk innblanding på eit område som i utgangspunktet skal vere deregulert, og dermed ikkje trenge politisk regulering. Men med dagens kraftmarknad har ikkje politikarane lengre dei nødvendige verkemidla som trengs for å gripe inn, og politikarane kjem dermed i ein vanskeleg posisjon, der dei kan framstå som tafatte og handlingslamma.

Det er ein klar samanheng mellom haldninga til energi, miljø og partitilknyting. Grovt sett kan ein sjå at Venstre, og SV markerer seg som verneorienterte, etterfølgt av Sp og Krf. Ap, Høyre og FrP er dei som er minst opptatt av vern, og mest opptatt av vekst (Tjernshaugen, Aardal og Gullberg 2011 og Aardal 1993). Men på eitt område; utbygging av fornybar energi, ser ein at dei politiske skiljelinjene vert kompliserte, og uavklarte. Utbygging av fornybar energi kan vere gunstig både for å avgrense utsleppa av klimagassar og for å styrke energiforsyninga, men kjem ofte i konflikt med tradisjonelle naturvernomsyn. Til dømes har SV programfesta at dei er "positive til mikro-, mini- og småkraftverk, der dei ikkje kjem i konflikt med viktige natur- og friluftsinteresser" (Tjernshaugen m. fl. 2011:343).

Forsyningssikkerheitsdebatten er kompleks fordi den strekk seg inn på så mange forskjellige felt, og angår så mange aktørar som alle har ulike interesser og ynskjer. Forsyningssikkerheit vert eit spørsmål som handlar om både olje- og energipolitikk, distriktpolitikk, samferdselspolitikk, økonomisk vekst og naturvern og klimaspørsmål.

Vern av natur og miljø har ei lang historie, ikkje bare her i landet, men også i andre land. På 70- og 80-talet vaks det fram to ulike ideologiske strømmingar; vekst med vern-perspektivet, og eit økologisk heilheitsperspektiv (Tjernshaugen m. fl. 2011). I dag kan ein sjå at dei norske miljøvernorganisasjonane fordeler seg mellom desse to (Seippel 2000). Den Norske Turistforening (DNT), representerer, i den grad ein kan seie at den fungerer som ein miljøorganisasjon, det klassiske naturvernet. Saman med Norges Naturvernforbund og Bevar Hardanger, utgjer desse tre sentrale aktørar i den norske forsyningssikkerhetsdebatten, som er opptatt av naturvern og landskapsetetikk. I tillegg kjem Bellona, Miljøvernforbundet og Zero, som ikkje først og fremst opptatt av naturvern, men av ei langsiktig bærekraftig utvikling. Ei viktig sak for desse organisasjonane er å styrke utbygginga, og satsinga på fornybar energi (Straume 2001).

I tillegg til miljøorganisasjonane, har særleg næringslivet og arbeidsorganisasjonane engasjert seg i mediedebatten om norsk forsyningssikkerheit. Landsorganisasjonen i Norge (LO) er Norges største lønnstakarorganisasjon, med over 860 000 medlem (LO 2011). Dei har fleire under-forbund knytt til seg, mellom anna Industri Energi; som organiserer medlem i olje- og gass- og energi-industrien. Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) er den største interesseorganisasjonen for bedrifter i Norge med 508 000 medlem (NHO 2011). Dei har også fleire under-forbund knyt til seg, mellom anna Energi Norge; som organiserer 270 energibedrifter, og Norsk Industri; som organiserer all fastlandsindustri i Norge, utanom næringsmiddelindustrien. Desse organisasjonane jobbar for å legge til rette for industrien, til dømes ved å sikre ei god, og stabil forsyningssikkerheit, med konkuransedyktige og forutsigbare straumprisar for heile landet.

Forsyningssikkerhetsdebatten er prega av det ein kan kalle *valensspørsmål* (Aardal, Krogstad og Narud 2004). Dette er spørsmål der det herskar brei einigkeit om målet (god forsyningssikkerheit), men usemje om kva midlar som må til for å få realisert målet. Alle rasjonelle samfunnsborgarar har eit ynskje om god forsyningssikkerheit, samtidig som dei gjerne vil ha lågast mogleg straumrekning; ingen, eller små naturinngrep; eit godt miljø; og ei bærekraftig utvikling.

Ifølgje Inglehart (1990, 1997) har tidlegare generasjonar vaks opp med ei knappheit på materielle godar, og har difor meir fokus på materielle verdiar enn kva generasjonen i dag har. Den yngre generasjonen veks opp i eit rikt og moderne velferdssamfunn prega av materiell tryggleik, noko som gjer at deira viktigaste verdiar ligg i det ikkje-materielle. Fokuset vert dermed retta mot friheit, eigenutvikling, deltaking i demokratiet, miljø og omsorg for andre. Denne endringa, som Inglehart kallar ein stille revolusjon, har ført til ei ny skiljelinje mellom materialistar og postmaterialistar. I ettertid er miljøvern blitt sett på som den viktigaste indikatoren i målinga av dette skiljet; altså konflikta mellom vekst (materialisme) og vern (postmaterialisme) (Aardal og Valen 1995).

Den vanlegaste måten å studere dette skiljet i opinionen, er gjennom representative utvalsundersøkingar. Systematisk opinionsforsking har gjort "folkets vilje målbar" (Aardal 2011: 65). Samtidig kan det også vere problematisk å bruke slike undersøkingar. For det første er forbrukarar, offentlig opinion eller folkeopinionen omgrep utan eit klart definert meiningsinnhald. Statsvitaren V.O. Key hevda at "to speak with precision about public opinion is a task not unlike coming to grips with the Holy Ghost" (Key 1961:8 sitert i Aardal 2011:65). I denne oppgåva representerer forbrukarane ei stor gruppe menneske, som har det til felles at dei er straumkundar og mediekonsumentar. Dette betyr at forbrukar-gruppa vil bestå av ei så stor gruppe, at ein vanskeleg kan tillegga gruppa ei konkret haldning eller meinig. Forbrukar-gruppa vil bestå av ulike subgrupper, som har ulike meininger om energi, miljø, utbygging, vekst og vern. Når eg likevel har kategorisert forbrukaren som ein sjølvstendig aktør, er det fordi forbrukaren jo faktisk er ein sentral aktør, då den utgjer kundane til dei ulike kraftselskapene. Korleis kraftselskapene kan forholda seg til ei kundegruppe som er så fragmentert, vil eg kome tilbake til i slutten av oppgåva, då eg skal presentere innspel til ein kommunikasjonsstrategi for NTE Nett. I tillegg er mange av opinionshaldningane som vert kartlagt i slike undersøkingar relativt vag og uforpliktande. Ein kan difor få det som verkar som sjølvmotseiande svar, særleg om ein blandar uforpliktande, og forpliktande spørsmål. Dette fenomenet; at forbrukaren seier ein ting, men handlar annleis, er ikkje eit eineståande for spørsmål knytt til kraft- og energispørsmål. Til dømes har ein sett det same fenomenet innafor velferdsforsking (Martiniusen 1988, Sears og Citrin 1982).

Forbrukarane er meir bekymra for miljøproblem enn nokon gong, og det store fleirtal ynskjer å skåne miljøet framfor økonomisk vekst. Samtidig er dei mindre villige til å yte noko personlig gjennom skatteauke for å redusere problema, enn dei var for ti år sida (Tjernshaugen m. fl. 2011, Listhaug og Jakobsen 2007). Det einaste unntaket er når det kjem til naturvern. Her svarer forbrukarane at dei er villig til å auke straumrekninga med mellom 800 - 1000 kr i året for å unngå landskapsestetiske effektar, støy og innverknad på dyreliv (Navrud 2007). Forbrukarane svarer altså at dei opptatt av miljøvennleg utvikling og løysningar, som utbygging av fornybar energi, men at dei ikkje er villige til å betale for desse løysningane sjølv. Det dei derimot er villige til å betale for, er å slepe å sjå infrastrukturen.

For å ivareta ei høg forsyningssikkerheit, og legge til rette for fornybar energi, skal Statnett i løpet av den neste tiårs-perioda investere rundt 40 milliardar kroner i det norske sentralnettet (Statnett 2011). Dette betyr meir utbygging, og ein vekst i tariffane for sentralnettet, noko som igjen må finansierast av brukarane av nettet. For sluttbrukarane, betyr dette i praksis at straumrekninga vil verte høgare, og at ein må tåle meir synleg infrastruktur. Det er med andre ord ingen grunn til å tru at debatten om norsk forsyningssikkerheit vil stilne i tida framover.

2.1 Sima-Samnanger

Den enkeltsaka som i størst grad har prega debatten om norsk forsyningssikkerheit det siste året, er utbygginga av luftspennet Sima Samnanger. Denne saka har difor også prega mediedekninga, og artiklane som vert analysert i denne oppgåva. Eg vil difor kort gjere greie for gangen i denne saka.

I 2006 søkte Statnett om konsesjon for utbygging av kraftnettet Sima-Samnanger. Statnett og Olje- og energidepartementet (OED) meinte at forsyningssikkerheita i Bergen var så dårleg at N1-prinsippet ikkje var oppfylt og at det difor var ei fare for utkopling og straumbrot. Dette argumentet var det etterkvart stilt spørsmålsteikn ved av ulike miljøorganisasjonar. Bevar Hardanger og Den Norske Turistforening meinte dei hadde funne bevis for at kapasiteten i straumnettet var god nok, også i forhold til N1-prinsippet. Dei stilte dermed spørsmålsteikn ved Statnett sine motiv utbygginga, og meinte at den var økonomisk

grunna, altså at Statnett ville bygge linja for å kunne eksportere meir kraft til utlandet, og dermed tene meir pengar.

I juli 2010 ga OED konsesjon til utbygginga. Denne avgjerda møtte massiv motstand, hos eit bredt utval av aktørar. Mellom anna kom opposisjonen med kraftig kritikk av saksbehandlinga, og innbyggjarane i kommunane der linja skulle krysse følte seg overkjørt og trampa på. Generalsekretæren i Den Norske Turistforening Kristin Krohn Devold, lanserte omgrepene som seinare skulle kome til å dominere debatten; "monstremaster". Det vart starta folkeaksjonar der ein trua med sivil ulydighet og arrangert støtteerklæringer til kommunane som sloss mot vedtaket. Medietrykket var enormt. Som eit resultat av missnøya, etablerte regjeringa i august 2010 fire utval som skulle vurdere sjøkabelalternativet på nytt. Desse skulle vurdere saka utifrå mellom anna teknologiske, samfunnsøkonomiske og forsyningsmessige omsyn. Rapportane frå utvala vart levert i starten av februar 2011. Dei kjem med tilsynelatande forskjellige konklusjonar med tanke på risiko og forsyningssikkerheit, men konkluderer med at sjøkabler er eit mogleg, men dyrt alternativ. Første mars 2011 vedtok regjeringa at mastene likevel skulle byggast, då sjøkabelalternativet vart dyrt og vanskeleg.

3. Media som arena og aktør

I tillegg til aktørane som allereie er gjort greie for, vert det nødvendig å sjå nærmare på media si rolle i forsyningssikkerhetsdebatten. Media er ikkje bare ein arena der samfunnsdebatten kjem til uttrykk, den er også ein sjølvstendig aktør, som spelar ei aktiv rolle i forhold til kva saker som skal settast på dagsordenen og kva aktørar som slepp til (Østbye 2009, Jenssen og Aalberg 2007, Bjørklund 1991). For å fult ut forstå mediedekninga av forsyningssikkerheit, må ein altså forstå korleis media, og dei journalistiske arbeidsmetodane legg føringar på innhaldet.

Det er fleire forhold som vil vere med å legge føringar på medieinnhaldet. I mediedebatten om forsyningssikkerheit har eg vurdert at særleg nyheitskriterier, journalistisk arbeidsmetode og ideal og kommersielle krav vil vere sentrale, eg skal difor sjå nærmare på desse. Dette betyr ikkje at eg ikkje utelet alle andre påverkingsfaktorar, men heller at eg trur at desse er særleg betydingsfulle.

Medan den 'klassiske' nyheitssaka tek for seg ei dramatisk og uventa hending, er det meste av nyheitsstoffet planlagt og organisert (Allern 2002). Sjølv om det mange gonger vil vere den konkrete hendinga som styrer medias fokus, er det ofte at media sjølv skaper den offentlege merksemda knyt til ei sak. Ei nyheit vert difor både sjølve nyheitssaka, og utviklinga av den. Denne utviklinga, eller lanseringsprosessen, styrast mellom anna av dei etablerte journalistiske nyheitskriteria. Desse kan kort oppsummerast som vesentlegheit (kor relevant og viktig er saka for lesaren) identifikasjon (geografisk eller kulturell nærliek) sensasjon (kor overraskande er saka) aktualitet (nærlek i tid), konflikt (er det uenighet eller strid) og kor kjent eller mektig landet/ personen som vert omtalt er (Allern 2002:55). I tillegg har Allern supplert desse tradisjonelle nyheitskriteria med fire kommersielle nyheitskriterier. Dei to første handlar om at til mindre ressursar ei sak krev, til lettare vert det ei nyheit. Vidare at eksklusivitet aukar sjansane for trykking, og til slutt at til meir oppsiktsvekkande ei sak er til større sjanse er det for at ein får underhaldningselement på kostnad av faktaopplysningar. Ut i frå desse kriteria har altså ulike argument i debatten om norsk forsyningssikkerheit blitt vurdert som ein nyheit av redaksjonane i Adresseavisen,

Aftenposten og Bergens Tidende. Korleis desse avisene har vektlagt dei ulike argumenta, og kva aktørar dei har latt sleppe til, vert ein sentral del av analysa.

I tillegg til utvalskriterier, vil mediedekninga også vere prega av journalistiske arbeidsideal og kommersielle krav frå eigarane. Avisene skal til sjunde og sist seljast til leserar gjennom abonnement eller laussal og saker som sel godt, vert gjerne prioritert på bekostning av saker som ikkje sel (Allern 2002). Kravet til profitt kan vere med å styre, ikkje bare kva type saker som vert prioriterte, men også kva slags type journalistikk som vert brukt (Sundvor 2002). Eit eksempel på dette er forbrukjournalistikken, ein arbeidsmetode som rettar seg mot leserane som kundar og konsumentar, heller enn borgarar (Eide 1991:6). Denne journalistikken har etterkvart fått gjennomslag i dei fleste redaksjonar, noko som kan henge saman med at den har "dokumentert sin salgseffekt" (Sundvor 2000:77).

Ein vanleg karakteristikk av journalistikken er at nyheitene speglar verkelegheita (Allern 2002:47). Å spegle verkelegheita knytes her til det journalistiske objektivitetsidealet, som har etablert seg som eit rådande paradigme i journalistikken (Klockare 2004). I praksis betyr dette gjerne at avisartiklane inneheld to motstridande partar, som får kommenttere kvarandre sine utspel. Objektivitetsidealet er problematisk på mange måtar, mellom anna fordi det representerer ei form for "naiv realisme" (Allern 2002:47), der journalistens sjølvstendige rolle ikkje vert fokusert på. I tillegg kan ein få ein situasjon der ein journalist som lev opp til idealet om å vere innhaldsmessig balansert, i stedet kan ende opp med å gje eit meir missvisande bilet av verda, enn om innhaldet hadde vore ubalansert. Om til dømes nitti prosent av klimaforskarane meiner at drivhuseffekten utgjer ei reell fare for det globale klimaet, medan bare ti prosent meiner det motsette, vil det ikkje nødvendigvis vere ei balansert framstilling å gje begge parter like mykje omtale.

Media tvinger både publikum, politikarar og andre samfunnsaktørar til å forholda seg til visse journalistisk utvalte saker. Nyheitsproduksjon handlar difor ikkje bare om å avspegle, men også om å strukturere verkelegheita (Allern 2002, Eide 1991). På den måten kan ein seie at nyheitene konstruerast, mellom anna gjennom bruken av tolkingsrammer. Ragnar Waldahl (2003) hevder i si bok *Mediepåvirkning*, at eit menneske si verkelegheitsoppleveling formast som eit samspel mellom eigne opplevingar, og symbolske representasjonar av

verkelegheita, som mellom anna vert formidla gjennom media. I følgje Waldahl aukar medienes betyding når det aktuelle temaet fjernar seg frå publikums eige ståstad. Dette kan sjåast i samanheng med det Gudmund Hernes (1978) kallar "vikarierande erfaring". Hernes peiker på korleis ein får stadig meir vikarierande erfaringar, på bekostning av direkte erfaringar. Medan ein før var avhengig av å erfare for å lære, er stadig meir av det folk flest "veit", noko dei har blitt fortalt av media. På den måten ligg det eit stort overtalingspotensiale for media i måten ein presenterer ei sak på, og kva tolkingsrammer ein bruker. Det vert difor nødvendig å sjå nærmare på kva tolkingsrammer er, og korleis dei kjem til uttrykk i medietekstane.

3.1 Tolkingsrammer

Erving Goffman var den første som brukte ramme-omgrepet i sosiologien. Han definerte rammer som det som lar brukaren lokalisere, motta, identifisere og merke hendingar (Goffman 1974). Rammer kan altså, med utgangspunkt i Goffman sin definisjon, forståast som det som organiserer erfaring. All form for menneskeleg kommunikasjon er avhengig av tolkingsrammer for å gjøre isolerte hendingar begripelege. Me samanliknar hendingar, og bruker tolkingsrammer for å gje mening til det me opplev og deltek i (Goffman 1974).

Innafor norsk medievitskap har ein gjerne oversett dei engelske fagomgørep "frames" og "framing" med tolkingsrammer (Ihlen 2007 og Aardal, Krogstad og Narud 2004). Dei siste tiåra har omgrepet fått meir og meir merksemd i samfunnsvitskapen, og rammeanalyse er blitt brukt for å analysere både medieinhald og mediepåverknad (Ihlen og Allern 2008). Ein kan i generelle ordlag definere tolkingsrammer som "organisasjonsprinsipp som er sosialt delt og varig, og som fungerer symbolsk for å gje ein meiningsfull struktur til den sosiale verda" (Reese 2001:147). Tolkingsrammer er med andre ord "vårt reservoar for å tenke og kommunisere om ulike tema" (Ihlen 2007:27). Nokre forskrarar nyttar også omgrepet "medieramme" (Hernes 1978, Eide og Hernes 1987, Eide 1991, Allern 2001). Dette har blitt definert som "grunnregler for tolkning og presentasjon som brukes for å organisere hendelser og handlinger på en rutinemessig og sammenhengende, men likevel attraktiv og interessevekkende måte" (Eide og Hernes 1987:61), eller som "tolkningsrammer brukt på

journalistikken" (Allern 2001:53). I ettertid er desse omgrepa blitt kritisert for at dei vert brukt som synonym for mediedramaturgi (Ihlen 2007).

I denne oppgåva vil eg bare bruke tolkingsramme-omgrepet, og eg vil bruke det også om rammer brukt på journalistikk. Eg vil bruke ein definisjon av tolkingsrammer som ligg opp mot Goffman (1974) sin, nemleg "prosessen der ein organiserer verkelegheita". Tolkingsrammer vil bli brukt for å skildre korleis ein aktør vektlegg særlege trekk ved verkelegheita når han kommuniserer den til omverda. Når ein aktør tek i bruk ei tolkingsramme (bevisst eller ubevisst), vel vedkommande også vekk element som kunne ha opna for ei anna forståing (Entman 1993). Det å bruke ei tolkingsramme, handlar med andre ord om å trekke fram ei viss problemdefinisjon, ei viss fortolking av samanhengar, ei viss moralsk vurdering og eit visst løysningsforslag, på kostnad av andre.

Ein kan skilje mellom tolkingsrammer som skjer hos dei som kommuniserer (input), i teksten (prosess) og hos mottakar (output). Det vanlegaste nivået å forske på, er det andre nivået, altså sjølve medieinhaldet (Entman 1993). Dette er også nivået som vil bli undersøkt i denne oppgåva. Så korleis kjem tolkingsrammer til uttrykk i nyheitsartiklar?

Ein journalist rammar inn ei sak på den måten at han vel ut det han meiner er relevante fakta, og plasserer saka i det han meiner er den rette konteksten. Journalisten styrer kven som skal intervjuast og kven som ikkje skal det, kva spørsmål som skal bli stilt, eller ikkje stilt. Det vil difor ikkje bare vere avsendaren som styrer kva tolkingsramme som vert brukt. Tolkingsrammene sørger for ein kontekst og promoterer ei viss forståing av eit fenomen, til dømes i nyheitssaker. Dette kan skje både bevisst og ubevisst frå journalisten si side, men betyr uansett at rammer vert viktige å studere, nettopp fordi dei legg til rette for eit perspektiv på kostnad av eit anna.

Ein kan seie at rammeanalyse som konsept går lengre enn idéen om agendasetting. Dette er fordi det kritiske punktet i analysa ikkje er *at* tolkingsrammer vert nytta, då dette som sagt er noko alle må gjere for å forstå verda. Det kritiske punktet er heller å få fram korleis tolkingsrammene er ein sosial konstruksjon som legg til rette for nokre tolkingar på kostnad av andre. Nokre tolkingsrammer er så innbakt i organisatoriske rutinar og tradisjonelle

vinklingar at dei vert ståande som naturlege, objektive og udiskutable (Allern 2001:58). På den måten kan ein seie at rammeanalyse som metode er meir radikal enn ideen om objektivitet, då den anerkjenner at all journalistikk inneholder tolkingsrammer, medan ideen om objektivitet antek at det eksisterer ein faktisk, og riktig måte å rapportere ei sak på, som bare nokre journalistar får fram.

Den amerikanske statsvitaren og kommunikasjonsforskaren Shanto Iyengar (1990), skil mellom to typar nyheitsrammer; episodisk og tematisk. Dei episodiske rammene inneber at offentlege spørsmål behandlast og belysast gjennom heilt konkrete og spesifikke hendingar. Ein trekk gjerne fram enkeltpersonar og enkeltskjebnar. Tematiske rammer sett saker i ein meir abstrakt kontekst, til dømes ved å sjå nyheiter i samanheng med offentlege velferdstiltak, endringar i sysselsettingssituasjonen eller kriminalutviklinga i samfunnet. Desse rammene opnar for ei framstilling der offentlege saker vert presentert i ein meir generell og abstrakt kontekst. Journalisten tek i bruk bakgrunnsinformasjon, og presenterer løysningar og konsekvensar knytt til saka. På den måten vert fokuset flytta frå individet til samfunnet generelt (Aalberg og Brekken 2007, Iyengar 1991). I Iyengar sin studie av amerikanske nyheitssendingar på 80-tallet, fann han at saker som er konkrete og som lett kan presenterast i ei episodisk ramme, oftare vert nyheitssaker enn dei tematiske og meir abstrakte sakene (Iyengar 1991).

Ein snakkar også gjerne om ulike *vinklingar* på nyheitssaker, eit omgrep som kan definerast som å presentere stoff frå ein bestemt synsvinkel (Ihlen 2007:25). Ein kan likevel ikkje seie at dette omgrepet betyr det same som tolkingsrammer. Dette fordi tolkingsramme-omgrepet inkluderer ein kognisjon-del, altså prosessen som gjer at våre observasjonar fører til tankar og resonnement. Tolkingsrammene er med å aktivere og påverke våre mentale skjema, altså samlinga av kunnskap som knytast til personleg erfaring og kjensler. På den måten vert det bare nødvendig at delar av ei tolkingsramme er til stades i ein tekst for at publikum skal kjenne den igjen og fylle inn dei blanke felta. Dette er prosessar som gjerne skjer ubevisst, og slik sett er dei desto meir virkningsfulle (Ihlen 2007:25).

Tolkingsrammer vert altså viktige å studere, fordi kvar gong ei sak vert presentert i media, er dett tatt viktige val som påverkar kva som skal med, kva som skal utelukkast, kva som skal

vektleggast, og kva som vert definert som mindre viktig. Desse vala har konsekvensar for korleis publikum tolkar og forstår nyheitssaka (Aalberg og Brekken 2007).

Basert på teorien som har blitt presentert om forsyningssikkerheit, relevante aktørar, media og tolkingsrammer, kan ein sjå for seg at det er særleg åtte ulike rammer som er sentrale i debatten om norsk forsyningssikkerheit. Desse vil no bli presentert. Rammene er formulert gjennom ein kombinasjon av kva argument som var forventa å vere tilstade, og argument som synter seg å vere dominerande då eg gjekk gjennom datamateriale.

4. Tolkingsrammer i forsyningssikkerheitsdebatten

Dei ulike tolkingsrammene som er brukt i debatten om norsk forsyningssikkerheit, fordeler seg på tre ulike tema; pris, miljø og forsyningssikkerheit. På ulike måtar tek dei for seg forskjellige aspekt ved, og konsekvensar av forsyningssikkerheit. Dette vil eg gå grundigare inn på, når eg no gjere greie for innhaldet i dei forskjellige rammene.

4.1 Pris

Nordmenn er svært opptatt av straumprisar, noko som vart tydeleggjort i ei undersøking (TV2 2011) som syner at nordmenn tenker meir på straumprisane enn den økonomiske krisa i Europa. Dette kan sjølv sagt sjåast på som eit argument for at nordmenn føler seg trygge på norsk økonomi sin stabilitet, men seier også noko om ei stor interesse for straumprisar. Den første ramma er difor "*dyr straum for forbrukar*". Ei potensiell missnøye med straumprisar hos forbrukaren, vil ifølge nyheitskriteria vere ein god nyheitssak, då det inneholder eit konflikt-element. I og med at nærliek også er eit av nyheitkriteria, vil eg tru at dette er eit tema som i større grad vil få merksemd i media som har sitt nedslagsfelt på stader der ein har dei høgaste straumprisane. Temaet for denne ramma kan også knytast opp mot forbrukarjournalistikken ("hvordan kan du spare strøm og penger"), og eg vil difor tru at "*dyr straum for forbrukar*" vil få eit høgt treff i utvalet.

Ei anna tolkingsramma handlar også om dyr straum, men her er det snakk om "*dyr straum for industrien*", ikkje for privatpersonar. Eg har valt å gjere dette skilje, fordi eg vil tru at dei to rammene vil ha ulike avsendarar, som representerer ulike interesser. Eg vil tru at det hovudsakleg er næringslivet som er avsendar av "*dyr straum for industrien*", då dette er ei ramme som først og fremst angår dei. Også innafor denne ramma reknar eg med å finne ei overvekt av saker i dei media som har sitt nedslagsfelt i områder med dårleg forsyningssikkerheit, då desse i større grad opplev rasjonering og dyrare straum enn i resten av landet.

Den siste ramma som er relatert til pris, tek eit motsett utgangspunkt, og fokuserer på at ein i Norge har "*billig straum*". Tradisjonelt har Norge hatt svært låge straumprisar. Frå 2003 har straumprisane for hushald stege litt, og er no på omrent same nivå som

gjennomsnittsprisen i OECD (Statistisk Sentralbyrå 2011). "Billig straum"-ramma trekk fram nettopp dette, og argumenterer for at straumen i Norge relativt sett er billig, om ein samanliknar med andre land i Europa. Temaet for denne tolkingsramma er vanskelegare å få "solgt inn" til ein nyheitsredaksjon, både fordi den ikkje oppfyller krava til nyheitkriteriene, og fordi den kan kategoriserast som det lyengar kallar tematiske nyheitsrammer. Den krev dermed større grad av bakgrunnskunnskap, meir spalteplass og arbeid for journalisten, noko som ifølgje Allerns (2002) teori om kommersielle nyheitskriterier vil gjere at den har lågare nyheitsverdi.

4.2 Miljø

Det andre temaet som er sentralt i forsyningssikkerhetsdebatten, er miljø. Ved stortingsvalet i 2009 sto miljøspørsmåla høgare på veljerane si dagsorden enn ved noko anna val sida 1989 (Tjernshaugen m. fl. 2011). Det er altså ei auka miljøinteresse hos opinionen, som er opptatt av, og bekymra for dei lokale og globale klimautfordringane. I tillegg ser ein at pris gjerne vert eit underordna tema, når det kjem til inngrep i naturen. Betalingsvilja hos forbrukarane stig om ein kan hindre synleg infrastruktur (Navrud 2007).

I starten av 1970-åra vaks naturvern fram som eit dominerande tema i den politiske debatten. Dette skjedde over heile den vestlege verda, og famna breie befolkningsgrupper, ikkje minst blant dei unge. I Norge handla konflikta knyt til energiutbygging og naturvern særleg om vasskraftutbygging, med aksjonane i Mardøla og Alta som særleg viktige (Tjernhaugen m. fl. 2011). Gjennom 1990- og 2000-talet har naturvern blitt ein stadig meir sentral del av miljødebatten, og vert stadig aktualisert i debattar om utbygging. Ei sentral ramme i diskusjonen av miljø-aspekta, vil difor truleg vere "*vern av natur*". Denne ramma fokuserer på korleis straumnettverket, altså infrastrukturen, øydelegg naturen, turområder og turopplevinga. Det er hovudsakleg estetiske argument som vert trekt fram, då ein er opptatt av kva utbyggings-alternativ som er minst synlege, eller som krev minst mogleg inngrep i naturen.

Medan naturvern-ramma hovudsakleg er opptatt av å beskytte naturen, vil ei "*bærekraftig utvikling*"-ramma vere opptatt av omsynet til ein overordna økologisk balanse. Heile 76% av

befolkinga seier at dei ynskjer å beskytte miljøet framfor å ha økonomisk vekst (Tjernshaug m. fl. 2011, Listhaug og Jakobsen 2007). Denne andre miljøramma, handlar difor om dei miljømessige konsekvensane forsyningssikkerhetsdebatten har. Innafor denne ramma er ein opptatt av dei langsiktige miljøkonsekvensane av utbygging av infrastrukturen, og tiltak som kan gjere at ein kutter i straumforbruket, slik at utbygging heller ikkje vert nødvendig. Ein argumenterer for at ein må tolle å sjå infrastrukturen for å få dei beste løysningane for miljøet.

I tillegg til dei to rammene som er nemnt, kan ein forvente å finne ei siste tolkingsramme, som handlar om miljø, men som argumenterer for at kraftbransjen per i dag er for dårlig eller feil organisert. Ein slik innfallsvinkel vil etterlyse utbygging av "*andre kraftkjelder*", til dømes gass- og atomkraftverk, vind- eller bølgjekraft. Forbrukarane er opptatt av, og etterlyser meir utbygging av fornybar energi i Norge (Karlstrøm 2011), noko som skulle tilseie at dette er ei ramme som vil bli brukt i mediedebatten om forsyningssikkerheit.

4.3 Forsyningssikkerheit

Den norske kraftbransjen, og myndighetene knyt til energisektoren, er ansvarleg for å oppretthalde høg forsyningssikkerheit i landet. Utbygging og vedlikehald skal betalast av sluttbrukarane, og bransjen er difor avhengig av å få kommunisert dette behovet ut til sine kundar. Det siste hovudtemaet for tolkingsrammene er difor forsyningssikkerheit. Her kan ein skilje mellom to ulike rammer.

I følgje Statnett er fleire områder i Norge prega av dårlig forsyningssikkerheit (Statnett 2010). Særleg forsyningssikkerheita i Midt Norge og Vestlandet er så dårlig at det er behov for ny overføringskapasitet. Innafor ei ramme knytt til "*kraftmangel*" vil ein argumentere for at den forsyningssikkerheita er overordna miljø- og prisspørsmål. Ein må med andre ord tåle inngrep i naturen, som bygging av master, for å oppretthalde ei tilfredsstillande forsyningssikkerheit. I og med at ansvaret for god forsyningssikkerheit ligg hos kraftbransjen og myndighetene, er det grunn til å forvente at denne ramma vert brukt av desse aktørane. Med tanke på ein utbredt bruk av episodiske rammer i nyheitssaker (Aalberg og Brekken 2007) kan ein forvente seg at "*kraftmangel*" er ei ramme som i større grad vert brukt om den

kan knytast opp til eit konkret område, eller hending. Ein kan difor tenke seg at denne ramma vil bli brukt først og fremst når ein snakkar om områder med dårlig forsyningssikkerheit.

To tredjedelar av norske forbrukarar meiner at kraftselskapa har for stor forteneste, og at Norge eksporterer for mykje straum (Karlstrøm 2011). Den siste forsyningssikkerheitsramma er difor "*kraftoverskot*". Fokuset for denne ramma er at kraftmangel er noko som oppstår når kraftselskapa sel for mykje kraft til utlandet, eller at det aldri har eksistert noko kraftmangel. Etter at Energilova vart innført, og ein la til rette for konkurranse innafor kraftproduksjon og omsetting, har bransjen endra seg. Kraftbransjen er no til ei viss grad "privatisert" og styrt av marknadskrefter. Innafor denne tolkingsramma vert det argumentert for at dette har hatt negative og uforutsette konsekvensar, som igjen har ført til dårligare tilbod til kundar og bedrifter. Det vert hevdat kraftselskapa spekulerer i å selje miljøvennleg vasskraft til Europa for å tene pengar, slik at når vinteren kjem i Norge er magasina tomme, og forbrukarane må betale ekstra for å importere straum frå mellom anna kjernekraftverk i Sverige. Det vert hevdat om kraftselskapa hadde blitt nekta å selje straum til utlandet ville Norge vore sjølvforsynte med straum heile vinteren. Desse synspunktene vart aktualisert i NRK-programmet Brennpunkt (NRK 2011).

Før eg går vidare til analyse-delen av denne oppgåva, skal eg gjere greie for dei metodiske vurderingane som er gjort i arbeidet med datainnsamling og analysearbeid.

5. Metodiske betraktingar

Då eg starta arbeidet med denne oppgåva, var ikkje kvantitativ rammeanalyse eit sjølvsagt alternativ. Aktuelle alternativ var kvalitativ innhaldsanalyse, diskursanalyse, intervju eller spørjeundersøking. Eg kunne tenkt meg å gjennomføre spørjeundersøkingar retta mot forbrukarane, men dette ville vore for ressurskrevjande å gjennomføre sjølv. Tildegar gjennomførte spørjeundersøkingar som var tilgjengelege, var ikkje egna til å belyse problemstillinga til denne oppgåva. Som eit alternativ til spørjeundersøkingar, kunne eg ha gjennomført fokusgruppeintervju. Dette vil likevel blitt særslig ressurskrevjande om eg skulle fått utvalet til å bli representativ. Kvantitativ rammeanalyse syntes difor å vere den beste metoden, fordi eg vart i stand til å fange opp argument og haldningar som kjem til uttrykk i medietekstane, samtidig som eg kunne undersøke eit større, representativt utval. Ved å ha eit stort utval kan eg seie noko om tendensar i mediedekninga generelt, og ikkje bare om nokre få utvalde artiklar. Dette var også nødvendig for å kunne basere ein kommunikasjonsstrategi på resultata.

Vidare i kapittelet skal eg gjere greie for korleis eg har gått fram for å samle inn data, for så å avslutte kapittelet med å seie noko om oppgåvas validitet, reliabilitet og generaliserbarheit.

5.1 Innsamling av data

Datamaterialet til denne masteroppgåva består av 358 avisartiklar frå Aftenposten, Adresseavisen og Bergens Tidende, henta frå ein tidsperiode på eitt år. Dei tre avisene er valt ut i frå eit ønske om å ha geografisk spreiing, og ulike geografiske målgrupper. Ved å velje aviser som har ulike dekningsområder får eg eit samanlikningsgrunnlag; korleis vert temaet forsyningssikkerheit omtalt i Midt Norge samanlikna med Vestlandet og Austlandet? Bergens Tidende er ei regionalavis som held til i Bergen. Målt i opplag er avisas den største utafor Oslo, og er den dominerande avisana på Vestlandet, med tyngdepunkt i Hordaland og Sogn og Fjordane. Adresseavisen er Midt-Norges største regionalavis, med tilhaldsstad til Trondheim. Desse to avisene er valt fordi dei er lokalisert i områder der det har vore særleg mykje debatt om forsyningssikkerheit og straumpris. Adresseavisen utgjer i tillegg ein viktig del av kundegrunnlaget til NTE Nett. Aftenposten er no, etter nyleg å ha gått forbi VG, Norges største avis målt etter opplag. Den er også Norges største abonnement-avis. Avisa


kjem ut i Oslo, men vert rekna for å vere riksdekkande. Denne avisa er valt fordi den er lokalisert i Oslo, og kan forventast å ha eit meir nasjonalt overordna preg enn dei to andre avisene. Aftenposten representerer også eit område der det tradisjonelt har vore mindre debatt om forsyningssikkerheit, utbygging av infrastruktur (master og vassdrag) og ein har dei siste åra hatt betydeleg lågare straumprisar enn i Midt Norge.

Artiklane er samla inn gjennom databasesøk i Retriever Norge si arkivteneste ATEKST, henta frå perioda 22.08.10 - 22.08.11. Eg valte å hente artiklar frå eit år tilbake i tid, slik at eg får artiklar frå alle årstider, noko som truleg vil legge føringar for dekninga. Til dømes vil eg tru at straumprisar er eit tema som vert dekka meir omfattande i løpet av vinterhalvåret enn sommarhalvåret. For å få eit best mogleg treff, det vil seie å få fanga opp flest mogleg av sakene som omhandler temaet forsyningssikkerheit i Adresseavisen, Bergens Tidende og Aftenposten, valte eg å bruke følgjande søkeord: "forsyningssikkerhet" OR "strømbrudd" OR "strømpris" i tillegg gjorde eg eit søk med orda "strøm AND (miljø OR natur OR utbygging OR strømnett*)" for å fange opp artiklar som handlar om utbygging av infrastruktur, natur og miljø. Desse søkeorda syntes seg å vere dei orda som genererte mest relevante artiklar i forhold til andre søkeord og søkekombinasjonar ("forsyningssikkerhet OR kraftbransje* OR strøm*"). I dei første prøve-søka inkluderte eg også artiklar henta frå nettsidene til dei to avisene, men etter å ha sett gjennom artiklane syntes det seg at det stort sett blei dobbelt opp, altså at det var dei same artiklane som stod på trykk i papirutgåva som på nettutgåva. Eg valte derfor å bare bruke artiklar henta frå papirutgåvene, noko eg ikkje trur har hatt store konsekvensar i forhold til å fange opp relevante artiklar. I ettertid ser eg likevel at det kunne vore lurt å hatt med 'kraftkrise' som søkeord, då dette har etablert seg i aviser for å skildre straumforsyningsproblemtikken i Midt Norge. Eg trur likevel at eg har klart å fange opp artiklane som handla om dette med dei søkeorda eg har brukt.

Søkeorda ga meg nesten 600 artiklar. Eg gjekk gjennom alle artiklane, og sorterte vekk dei som ikkje var relevante for oppgåva mi. Eksempel på dette var artiklar som handla om forsyningssikkerheit i andre land, jordskjelvet i Japan, og utvikling/ lansering/ nyheiter knytt til el-biler. I tillegg fekk eg ein god del ikkje-relevante artiklar som handla om helse- og omsorgsminister Anne Grethe Strøm-Erichsen og professor Strøm frå Bergen. Etter at dette

arbeidet var gjort satt eg no igjen med 358 relevante artiklar, og det er desse som dannar grunnlaget for oppgåvas analyse. Figur 1 syner korleis artiklane er fordelt på dei tre avisene.

Figur 1: Fordeling av artiklar etter avis. Prosent (antal)



Figuren syner prosentandelen av artiklane (n=358). Adresseavisen har flest, med 46% av artiklane, Bergens Tidende utgjer ein tredjedel av artiklane, medan Aftenposten har minst artiklar (22%).

Sjølve kodinga vart gjort med utgangspunkt i eit kodeskjema (appendix B2). Data vart lagt inn i statistikkprogrammet SPSS for vidare analyse. Kvar artikkel vart analysert ut i frå kva som var tolkingsramma i artikkelen (Variabel 6), og kven som var avsendar/ kjelde (Variabel 9 og 10). Eg plasserte kjelda først i ei gruppe (Variabel 9), til dømes kraftbransjen, deretter vart nøyaktig aktør identifisert, til dømes NTE (Variabel 10). Ein artikkel kan gjerne bestå av fleire tolkingsrammer og avsendarar. Eg har difor tatt med ein variabel for sekundærramme (Variabel 7) og sekundærkjelde (Variabel 13 og 14). Primærramme og primærkjelde vart definert som den som var hovudtema for artikkelen, og var gjerne knytt til overskrift, ingress og eventuelle bilete. I tillegg var det som regel denne som vart nemnt først i artikkelen. For å sikre at primærkjelda var avsendar av primærramma, laga eg ein eigen variabel som såg på

nettopp dette (Variabel 11). Om dette ikkje var tilfellet, vart primærkjelda si ramme registrert i variabel 12. Eg la også inn ein variabel som fanga opp kva område ein omtalte når ein artikkel handla om forsyningssikkerheit (Variabel 8). Her var dei fire alternativa Midt Norge; definert som Trøndelag og Sunnmøre, Bergensområde; definert som Bergen og Hardanger, Norge generelt eller anna område.

Nokre av rammene kan oppfattast som overlappande, då dei i utgangspunktet argumenterer for same ting. Til dømes er det ein del artiklar som handlar om at ein skal spare straum. I desse tilfella har eg sett på argumentasjonen bak; kvifor skal ein spare straum? Om det er for å spare pengar for familieøkonomien kjem den inn under "*Dyr straum forbrukar*"-ramma, om det er for å spare miljøet kjem den inn under "*Bærekraftig utvikling*"-ramma. På same måte vert det om ein artikkel argumenterer for å bygge ut gasskraftverk. Er det fordi det vil hjelpe på forsyningssikkerheita? I så fall kjem den inn under "*Andre kraftkjelder*"-ramma, er det for å sleppe å ha synlege kraftmaster i naturen kjem den inn under "*Vern av natur*"-ramma.

5.2 Reliabilitet, validitet og generalisering

Reliabilitet, validitet og generalisering er tre omgrep som er sentrale innafor den humanistiske og samfunnsvitskaplege forskingsmetoden (Østbye m. fl. 2002). Reliabilitet seier noko om kor påliteleg undersøkinga er, og kan generelt definerast som grad av samsvar mellom ulike datainnsamlingar om same fenomen, basert på same undersøkingsopplegg (Grønmo 2004: 222). Undersøkinga vil altså få høg reliabilitet når ein får same svaret i kvar måling, føresett at ein måler det same. Det vil difor vere avgjerande å ha godt definerte, og presise kategoriar når ein skal gjennomføre analysa. Dette har eg prøvd å legge til rette for ved å ha eit relativt detaljert kodeskjema, med kommentarar på kva som skal til for å bli definert som til dømes primærramme, og ei skildring av alle aktørane. I tillegg har eg på alle variablar hatt ein "anna", "ukjent" eller "ikkje-relevant"-kategori, slik at ein ikkje havnar i ein situasjon der ein vert "tvinga" til å bruke alternativ som kanskje ikkje passar heilt med teksten. Dette kan føre til at ein "mister" noko av utvalet, men det gjer også at dei treffa ein sitt igjen med er absolutte.

Kodinga er av ressursomsyn bare gjort av ein person, noko som opnar for at det kan ha skjedd kodingsfeil. Dette kan altså svekke reliabiliteten til oppgåva. For å prøve å kontrollere kodingsfeil, gjekk eg ei stund etter eg var ferdig med kodinga, tilbake til datamaterialet og koda omtrent 10% av artiklane på ny (35 stykk), for å sjekke om eg fekk same resultat som sist. Eg fekk eit treff på nesten 90%, noko eg vil seie er bra. Dei artiklane som var "lettast" å kode "riktig", var lesarinnlegga, då dei gjerne bare har ei ramme og ein avsendar. Lesarinnlegga er også gjerne mindre balanserte enn ein lengre avisartikkkel som trekk fram ulike sider av same sak. Dei artiklane som var feil (4 stykk) var lengre avisartiklar, der det var mange rammer og mange avsendarar. Det var særleg vanskeleg å definere kven som var sekundærkjelde, då det gjerne var fleire likeverdige sekundærkjelder.

Sjølv om eit datasett har høg reliabilitet betyr ikkje dette automatisk at den har høg validitet. Validitet er eit mål for om forskaren faktisk skildrar eit bilet av fenomenet eller situasjonen som vert undersøkt, det vil seie om det er samsvar mellom det forskaren ynskjer å undersøke, og det som faktisk vert undersøkt. Gyldighet og relevans er sentrale omgrep, og handlar først og fremst om at ein måler det ein skal måle (Grønmo 2004). Det vert sentralt at datamaterialet ein samlar inn og analyserer samsvarar med problemstillinga. I denne oppgåva vil validiteten mellom anna knytte seg til databasesøket i Retriever Norge si arkivteneste ATEKST. Ved å prøve ulike søkestrengar prøvde eg meg fram, for å få eit inntrykk av kva søkeord som på ein best mogleg måte fanga opp alle relevante treff. Eg oppdaga etterkvart at eg måtte gjere to ulike søk, då eg ikkje klarte å fange opp alle artiklane med bare ein søkestreng. Søkeorda som til slutt vart valt, er allereie gjort greie for (innsamling av data).

Eit anna element som kan seiast å gjelde validiteten til denne oppgåva, er at dei ulike tolkingsrammene som vert studert i denne oppgåva ikkje nødvendigvis kan anerkjennast av aktørane, eller journalistane som bruker dei. Tolkingsrammene er med andre ord verken definert av avsendar eller mottakar, men vert brukt som ein måte å analysere og organisere materialet på. Eg ser likevel ikkje på dette som eit problem for validiteten til oppgåva. Spørsmåla knytt til bruk, og etablering av tolkingsrammer, vert redusert ved at eg gjer grundig greie for korleis rammene er definert og forstått. Eit paradoks med arbeidet med denne oppgåva, er at også ei masteroppgåve bruker tolkingsrammer, og på den måten kjem

med ulike innrammingar i måten den omtaler eit tema på. Dette reknar eg likevel ikkje for å vere problematisk i seg sjølv, då ei masteroppgåve som skal kommentere eit datamateriale utan å på nokon måte ha vinklingar, eller avgrensingar, neppe ville oppfylt krava til eit masteroppgåveprosjekt. Innramminga vert på den måten ikkje eit problem, verken i ei masteroppgåve, eller i ein nyheitsartikkel. Det er heller snakk om eit verkemiddel for å forstå eit tema.

Ein ting som derimot kan svekke validiteten til oppgåva, er at eg ikkje har tatt med ein variabel som syner artiklane si lengde i forhold til kvarandre. No er artiklane likt "vekta", slik at eit kort lesarinnlegg vil telle like mykje som ein tre-siders reportasje. Denne problematikken vart eg ikkje klar over før eg var ferdig med datainnsamlinga, og eg hadde difor ikkje moglegheit til å endre på dette. Resultatet kan i verste tilfelle vere at eg kan presenterer eit feil inntrykk av korleis mediedekninga har vore.

Generalisering handlar om å kunne trekke konklusjonar som omfattar ei større gruppe individ eller fenomen enn dei ein undersøker (Grønmo 2004). For å kunne gjere dette må ein vere sikker på at utvalet ein har er representativt, altså at det ikkje er nokon feilkjelder. Når det gjeld tidsrommet eg har henta artiklar frå, er det heilt klart eit par enkelthendingar som har hatt konsekvensar for mediedekninga. Den første, og mest innlysande saka, er vedtaket om å bygge luftspennet Sima-Samnanger. Saka om "monstermastene" var ei av dei mest omtalte i 2010. Bergens Tidende, som er ei av avisene i utvalet, vart, naturleg nok, ein hovudarena for denne debatten, då avisar har sitt nedslagsfelt i det aktuelle utbyggingsområdet.

I tillegg var vinteren 2009 og 2010 prega av kuldebølgje i heile Nord Europa, og særleg vinteren 2010 vart ein av dei tørraste vintrane som er registrert i landet. I tillegg hadde svenske atomkraftverk (som særleg Midt Norge importerer mykje straum frå) store problem gjennom heile vinteren, noko som førte til ekstra høge straumprisar og mangel på kraft.

Den siste hendinga eg trur kan ha hatt innverknad på utvalet mitt, er innsettinga av Ola Borten Moe som olje- og energiminister 4. mars 2011. Borten Moe kjem frå Trondheim, og gjorde det tidleg til si fansak å arbeide for betra forsyningssikkerheit i Midt Norge.

Alle desse hendingane har antakeleg gjort at det har vore ekstra mykje merksemd knytt til forsyningssikkerheita det siste året. I tillegg har mastesaka i Hardanger og innsettinga av Borten Moe fått mykje merksemd frå regionalavisene, då dei er geografisk forankra til dekningsområdet. Likevel meiner eg at denne oppgåva kan generaliserast i forhold til å skildre mediedekninga til dei aktuelle avisene, det siste året. Enkeltsaker som dette vil alltid vere tilstade i nyhetsbilete, uansett kva tidsrom ein vel.

Eg har no gjort greie for forsyningssikkerhetsdebatten, og aktørane som er ein del av den. Eg har skildra korleis dei ulike aktørane representerer ulike interesser, og problematisert media si rolle, som inneber å vere både arena og aktør. I tillegg har eg gjort greie for tolkingsrammer som teoretisk omgrep, og kva tolkingsrammer eg forventar å finne i medietekstane, ved omtale av forsyningssikkerheit. I dette kapittelet har eg sett på kva metodiske vurderingar som er gjort. Resten av oppgåva vil ta for seg sjølve analysa, og konsekvensane av den.

6. Forsyningssikkerheits mediekraft

Dei ulike aktørane i forsyningssikkerheitsdebatten representerer ulike interesser, og vektlegg ulike argument når dei diskuterer forsyningssikkerheit. Media vert ein viktig arena for desse aktørane, og argumenta dei bruker. I tillegg til å vere ein arena, har eg sett at media også fungerer som ein aktør i forsyningssikkerheitsdebatten. For å kunne vurdere om mediedekninga er dobbeltmoralsk, altså om den krev god forsyningssikkerheit utan å ville bidra til dette gjennom finansieringa av utbygging og vedlikehald av straumnettet, må eg sjå nærmare på kva argument, eller tolkingsrammer, som vert vektlagt, og kva aktørar som får sleppe til. Er det nokre tolkingsrammer som får meir spalteplass enn andre? Og i kva grad slepp dei ulike aktørane til med sine synspunkt, og ulike ståstad? Dette skal eg sjå nærmare på i denne delen av oppgåva. Først skal eg syne korleis dei ulike tolkingsrammene kjem til uttrykk i dei tre avisene. Deretter vil eg sjå på kva aktørar som har fått uttale seg, og kva rammer dei ulike aktørane er avsendarar av. Til slutt vil eg sjå på kva aktørar og rammer som har blitt prioritert. Dette vil eg undersøke gjennom å sjå på kva rekkefølgje dei ulike argumenta og aktørane vert presentert i, og ved å sjå på korleis dei ulike rammene og aktørane vert brukt i ulike sjangrar.

6.1 Rammer

Tidlegare i oppgåva har eg delt argumenta som vert brukt i forsyningssikkerheitsdebatten inn i tre overordna tema; pris, miljø og forsyningssikkerheit. I tabell 1 kan ein sjå korleis denne fordelinga kjem til uttrykk i dei tre avisene.

Tabell 1: Tema fordelt på avis

| | Adresseavisen | Aftenposten | Bergens Tidende | Total |
|-----------------------------|---------------|-------------|-----------------|------------|
| Pris | 48 | 43 | 27 | 40 |
| Miljø | 25 | 39 | 31 | 30 |
| Forsyningssikkerheit | 27 | 18 | 42 | 30 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 239 | 99 | 171 | 509 |

N representerer her både primær- (358) og sekundærramme (151).

Med tanke på nordmenns mykje omtalte interesse og engasjement for straumprisar, er det ikke overraskande at dette er det temaet som har flest treff i utvalet. Artiklar som "Nå kommer strømsjokket" (Wasim 2011) og "Strømregning som svir" (Nervik 2011) er typiske eksempel på artiklar som tek for seg denne problematikken. I og med at straumprisane er høgare i Midt-Noreg hadde eg likevel sett for meg at Adresseavisen kom til å dominere innanfor pristematikken, men dette er altså ikkje tilfelle. Straumprisar er like mykje omtalt i Aftenposten som i Adresseavisen. Pris kan difor sjå ut til å vere eit viktig tema, uavhengig av faktisk prisnivå i regionen dei dekker.

Bergens Tidende skil seg derimot ut, med å ha betydeleg mindre bruk av pris-rammer, enn dei to andre avisene. Dette heng mest sannsynleg saman med at debatten om Sima-Samnanger, saka som dominerte BTs mediebilde i perioden eg har undersøkt, la vekt på argument som handla om naturvern og landskapsetetikk, heller enn pris. Dette er i tråd med konklusjonen til Navrud (2004); nemleg at betalingsviljen til forbrukarane stig når det kan forhindre landskapsetetiske inngrep.

Ser ein rammene under eitt, og slår saman alle avisene, er miljø og forsyningssikkerheitsrammene, like mykje brukt. At miljø er eit såpass mykje omtalt tema er ikke overraskande, med tanke på at miljø-problematikken er høgt oppe på dagsordenen (Tjernhaugen m. fl. 2011, Listhaug og Jakobsen 2007). Det som er meir overraskande, er å sjå at det er så store forskjellar mellom avisene. Kva som kan vere orsaka til dette vil eg kome tilbake til seinare.

Når det gjeld rammer som handlar om forsyningssikkerheit, har BT faktisk meir enn dobbelt så mange treff som Aftenposten, og vesentleg fleire treff enn Adresseavisen. Mest sannsynleg heng også dette saman med mediedekninga av Sima-Samnanger. At Aftenposten bruker rammer som handlar om forsyningssikkerheit såpass mykje mindre enn dei to andre avisene, kan nok til ei viss grad forklarast ut i frå teorien om nyheitskriterier, og kva saker som har høgast nyheitsverdi. Dekningsområdet til Aftenposten er, samanlikna med dei to andre avisene, eit område som har god forsyningssikkerheit, og ein har difor mindre variasjonar i straumprisar, og mindre fare for straumavbrot. Ting som fungerer, og dermed ikkje inneheld element av sensasjon, konflikt eller avvik, vil ifølgje teorien om nyheitskriterier ha låg nyheitsverdi.

Dei artiklane som brukte rammer om forsyningssikkerheit, vart også koda etter kva geografisk område dei omtalte.

Tabell 2: Forsyningssikkerheitsområde fordelt på avis

| | Adresseavisen | Aftenposten | Bergens Tidende | Total |
|----------------------|---------------|-------------|-----------------|------------|
| Midt Norge | 90 | 38 | 5 | 54 |
| Vestlandet | 4 | 28 | 77 | 32 |
| Heile landet | 4 | 17 | 13 | 9 |
| Anna område | 2 | 17 | 5 | 5 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N = | 57 | 18 | 39 | 114 |

N representerer her artiklar som brukte forsyningssikkerheitsrammer

At forsyningssikkerheitstematikken har større nyhetsverdi om den kan knytast opp til eit område der noko ikkje fungerer, ser ut til å vere tilfellet. Midt Norge, altså det området med dårlegast forsyningssikkerheit, er heilt klart det mest omtalte, med over femti prosent av treffa. Adresseavisen skriv, naturleg nok, mest om sitt eige dekningsområde, men ein ser også at nesten førti prosent av Aftenposten sine saker som tek for seg forsyningssikkerheit, relaterast til Midt Norge. Om ein legg til sakene som omtaler Vestlandet, finn ein at over seksti prosent av artiklane som handlar om forsyningssikkerheit i Aftenposten, kan koplast til eit område med dårleg forsyningssikkeheit. Dette er litt overraskande, i og med at det først og fremst er "anna område" (Austlandet) som er avisa sitt dekningsområde. Den totale mediedekninga diskuterer altså i liten grad forsyningssikkerheit for heile landet, men knyt debatten, og argumenta opp mot eit konkret område. Som journalistisk arbeidsmetode, er ikkje det at ein tek utgangspunkt i ei konkret hending, sak eller område eit ukjent fenomen. Det kan mellom anna knytast til Iyengar (1990) sitt poeng om at episodiske rammer er meir brukt enn tematiske. Bruken av episodiske og tematisk rammer er imidlertid ikkje undersøkt i denne oppgåva, og vil ikkje verte vidare problematisert.

Gjennom å sjå på fordelinga innafor dei tre hovudtemaa kan ein få eit inntrykk av korleis avisene har prioritert dei ulike argumenta i forsyningssikkerheitsdebatten. For å få eit meir

nyansert, og presist syn på dette, vert det også nødvendig å sjå på korleis dei enkelte rammene fordeler seg i avisene. Dette kan ein sjå i tabell 3.

Tabell 3: Rammer fordelt på avis.

| | Adresseavisen | Aftenposten | Bergens Tidende | Total |
|-----------------------------|---------------|-------------|-----------------|------------|
| Pris | | | | |
| Dyr straum forbrukar | 32 | 35 | 20 | 29 |
| Dyr straum industri | 12 | 5 | 2 | 7 |
| Billig straum | 3 | 3 | 4 | 3 |
| Miljø | | | | |
| Vern av natur | 8 | 8 | 13 | 10 |
| Bærekraftig utvikling | 9 | 26 | 12 | 13 |
| Andre kraftkjelder | 8 | 5 | 4 | 6 |
| Forsyningssikkerheit | | | | |
| Kraftmangel | 24 | 18 | 23 | 23 |
| Kraftoverskot | 3 | 0 | 17 | 7 |
| Anna | 1 | 0 | 5 | 2 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 239 | 99 | 171 | 509 |

N representerer her både primær- (358) og sekundærrammer (151).

Dyr straum forbrukar-ramma er totalt sett den klart mest brukte ramma i utvalet. Den utbreidde bruken av nettopp denne ramma kan nok ha mange årsakar, to av dei trur eg er forbrukarjournalistikk og nyheitskriterier. "Slik sparar du strøm på hytta" (Ørstavik 2011) er eit typisk artikkel som syner korleis denne ramma egner seg til forbrukarjournalistikk. I tillegg kan ein seie at høge straumprisar oppfyller nyheitskriteria på den måten at temaet engasjerer (vesentlighet), angår oss alle (identifikasjon) og kan vinklast til å omhandle ei missnøye (konflikt) mellom kraftbransjen og forbrukaren.

Som venta skil Adresseavisen seg ut med å ha mange artiklar som tek opp problematikken knytt til dyre straumprisar for industrien. Dette er forventa fordi den Midt Norske-industrien, i større grad enn industrien i resten av landet, er ramma av dårlig

forsyningssikkerheit, til dømes gjennom rasjonering og varierande og høge straumprisar. Dette vert reflektert i mediedekninga av området.

Bærekraftig utvikling-ramma er den mest brukte av dei tre miljø-rammene. Som eg fann tidlegare (tabell 1) er Aftenposten overrepresentert når det gjeld å bruke desse, og det er særleg bærekraftig utviklingsramma som skil seg ut. Ifølgje Inglehart (1990, 1997) er miljø eit tema som opptek oss når andre, meir materielle behov er dekka. Kanskje kan ein trekke parallelar mellom det å ha alle materielle behov dekka, og det å bu i eit område med god forsyningssikkerheit; når ein har fått "dekka" behovet med god forsyningssikkerheit kan ein rette fokuset mot andre ting, slik som miljø. Til dømes kan ein tenke seg at industribedriftene i Midt Norge vil meine at det er viktigare å få tilgang til nok strøm, enn å auke produksjonen av fornybar energi. På den måten vert miljø-argumenta mindre viktige enn forsyningssikkerheits- og prisargumenta. Dette kan også forklare kvifor Adresseavisen har eit såpass høgt treff på andre kraftkjelder-ramma, ei ramme som ikkje nødvendigvis treng å vere retta mot miljøvennlege tiltak. Frå 2008 har ein hatt ei ordning der to mobile gasskraftverk i Møre og Romsdal, produserer energi dersom kraftsituasjonen i Midt Norge vert så anstrengt at det er fare for straumrasjonering. Desse gasskraftverka er den mest forureinande forma for kraftproduksjon ein har i Norge, likevel finn eg fleire artiklar som argumenterer for at ein må satse meir på slike. Det kan difor verke som at nokre av avsendarane til denne ramma er meir opptatt av å skaffe til vege meir straum enn å tenke på langsiktige miljø-effektar og inngrep i naturen. Dette vil eg kome tilbake til når eg skal sjå på kven som er avsendar av dei ulike rammene.

Til slutt har ein rammene som handlar om forsyningssikkerheit. Her er det særleg kraftmangel-ramma som er mykje brukt. Denne er den nest største ramma totalt sett, og er relativt mykje brukt i alle avisene. Aftenposten har litt færre treff enn dei to andre avisene, noko som kanskje kan forklarast med at dekningsområdet til Aftenposten har betre forsyningssikkerheit enn dekningsområdet til dei to andre avisene, og at denne problematikken difor vert mindre lagt merke til.

Den siste ramma handlar om kraftoverskot (og ein betydeleg skepsis til kraftbransjen). Den er nesten bare brukt i BT, men der er den tydeleg tilstade; dette er faktisk den tredje mest

brukte ramma i BT. Dette heng sjølvsagt saman med Sima Samnanger-utbygginga, og den skepsisen som etterkvert utvikla seg ovafor kraftselskapa, Statnett og Olje- og Energidepartementet (OED). Desse argumenterte for at forsyningssikkerheita i Bergen var så dårlig at N1-prinsippet (at ei linje tåler at ei anna vert kopla ut på grunn av feil eller vedlikehald), ikkje var oppfylt og at det som eit resultat av dette var ei overhengande fare for utkopling og straumbrot. Etterkvert var det fleire aktørar som stilte spørsmålsteikn ved kor truverdig denne informasjonen var. Bevar Hardanger og Den Norske Turistforening meinte dei hadde funne bevis for at kapasiteten i straumnettet var god nok, også i forhold til N1-prinsippet. Dei stilte dermed spørsmålsteikn ved Statnett sine motiv utbygginga, og meinte at den var økonomisk grunna. LO-forbundet Industri Energi, uttalte at dei frykta at motivet for Sima Samnanger ikkje var å betre forsyningssikkerheita, men å eksportere straum til utlandet. Dei meinte også at Statnett overdramatiserte kraftsituasjonen, og at det ikkje var noko reell kraftkrise på Vestlandet (Ruud, Haug og Lafferty 2011). Ein skulle tru at Industri Energi ville verte lukkelege over utbygging av infrastrukturen og kapasiteten i straumnettet, ettersom dei fleste av medlemmane deira kjem frå særskilt energikrevjande industribedrifter, men dette var altså ikkje tilfelle. Frykta til Industri Energi var truleg grunna med at rekninga for utbygginga av Sima Samnanger ville bli lagt på Industri Energi sine medlem, i form av høgare nettleige (særskilt om sjøkabel-alternativet slo gjennom).

Som eksempelet med Sima Samnanger syner, er det viktig å sjå argumenta, altså tolkingsrammene, i samanheng med aktør. Det neste temaet eg skal sjå på, vert difor aktørar.

6.2 Aktør

Kva aktørar som slepp til med sine utspel, er med på å definere mediedebatten om forsyningssikkerheit, og vert også eit viktig kriterium for å vurdere om mediedekninga har vore dobbeltmoralsk. Er det til dømes nokre aktørar som i større grad enn andre får vere premissleverandør for forsyningssikkerheitsdebatten, ved at dei kjem meir til orde i media? I denne delen av analysa skal eg difor sjå nærmare på kva aktørar som har fått uttale seg i dei tre avisene, og kva rammer dei har brukt.

Det første eg skal sjå på, er korleis aktørane fordeler seg i dei ulike avisene. I appendix (B1) er ei oversikt over kven dei ulike aktørgruppene representerer.

Tabell 4: Aktør fordelt på avis

| | Adresseavisen | Aftenposten | Bergens Tidende | Total |
|-----------------------------|----------------------|--------------------|------------------------|--------------|
| Energisektoren | | | | |
| Kraftbransjen | 18 | 18 | 14 | 17 |
| Myndigheter | 5 | 12 | 7 | 8 |
| Interesseorg. | | | | |
| Næringsliv | 18 | 8 | 8 | 13 |
| Miljøorganisasjon | 4 | 10 | 6 | 6 |
| Ekspert | | | | |
| Akademia | 4 | 8 | 3 | 5 |
| Analytikarar | 4 | 3 | 8 | 5 |
| Politikarar | | | | |
| Rikspolitikar | 13 | 10 | 13 | 12 |
| Lokalpolitikar | 12 | 3 | 18 | 10 |
| Forbrukar | 19 | 19 | 17 | 19 |
| Journalist/ redaktør | 2 | 8 | 4 | 4 |
| Anna | 1 | 1 | 0 | 1 |
| Sum | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 205 | 111 | 130 | 446 |

N representerer her alle aktørane som er tilstade i utvalet (primær 357 sekundær 89)

I følgje Allern (2002) er dei fleste av nyheitsmedienes kjelder dominert av personar med høg utdanning og inntekt, altså personar som tilhøyrar økonomisk, sosial og kulturell elitesjikt. Menneske utan noko spesiell form for posisjon, den såkalla "mannen i gata", spelar vanlegvis ei lita rolle. Det er difor litt overraskande at det faktisk er forbrukaren som er den største avsendargruppa i dette utvalet, med eit treff på nitten prosent. Som eg skal sjå nærmare på seinare, kan dette i stor grad forklarast ut i frå kva sjangrar som er med i utvalet.

Kort tid etter at Sima-Samnanger saka eksploderte i media, vart Bergens Tidende skulda for å drive mediekampanje mot utbygginga. Statnett og partisekretær Raymond Johansen (Ap) meinte at BT ikkje löt kraftbransjen sleppe til, og for å ha eit snevert utval av kjelder (Angelshaug 2010). Sjefsredaktør Trine Eilertsen derimot, meinte at BT hadde "... problematisert mastene, men erkjenner at vi ikke har kompetanse til å slå fast hvilken

løsning som er den beste". I eit intervju med Dag og Tid, seier ho likevel at "det kan nok hende dekninga vår ber preg av at vi er skeptiske til løysinga med luftspenn" (Todal 2010). Undersøkinga mi syner at kraftbransjen, som er den nest største avsendargruppa i utvalet, er mindre representert i BT enn i Adresseavisen og Aftenposten, men om dette har samanheng med skuldingane mot BT som partiske er likevel vanskeleg å seie noko om.

Miljøvernorganisasjonane er litt meir representert i Aftenposten enn dei to andre avisene. Forskjellen er likevel ikkje så stor som ein skulle tru, når ein ser kor mykje meir miljørammene er brukt i denne avisa (tabell 3). Det må med andre ord vere fleire enn miljøorganisasjonane som er avsendar av miljø-rammene i Aftenposten. For å undersøke mellom anna dette nærmare, skal eg no sjå på kven som er avsendar av dei ulike rammene. Eg vil undersøke om dette kan vere med å forklare kvifor nokre rammer er meir brukte enn andre, samt forskjellar mellom avisene. Ei oversikt over kva avsendarar som er kopla til dei ulike rammene er presentert i tabell 5.

Tabell 5: Primærrammer fordelt på aktør

| | Energisektoren | Kraftbransjen | Myndigheter | Interesseorg. | Næringsliv | Miljø organisasjon | Eksperter | Akademia | Analytikarar | Politikarar | Riks-politikar | Lokalpolitikar | Forbrukar | Journalist/ redaktør | Total |
|-----------------------------|----------------|---------------|-------------|---------------|------------|--------------------|------------|------------|--------------|-------------|----------------|----------------|------------|----------------------|------------|
| Pris | | | | | | | | | | | | | | | |
| Dyr straum forbrukar | 44 | 33 | | 27 | 0 | | 35 | 42 | | 31 | 19 | | 53 | 17 | 35 |
| Dyr straum industri | 0 | 0 | | 40 | 0 | | 0 | 16 | | 7 | 6 | | 0 | 5 | 7 |
| Billig straum | 13 | 17 | | 0 | 0 | | 0 | 21 | | 2 | 0 | | 0 | 5 | 5 |
| Miljø | | | | | | | | | | | | | | | |
| Vern av natur | 2 | 4 | | 5 | 31 | | 7 | 5 | | 10 | 16 | | 13 | 17 | 9 |
| Bærekraftig utvikling | 2 | 13 | | 4 | 50 | | 29 | 0 | | 24 | 2 | | 15 | 17 | 13 |
| Andre kraftkjelder | 7 | 0 | | 2 | 5 | | 0 | 0 | | 0 | 10 | | 3 | 6 | 4 |
| Forsyningssikkerheit | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kraftmangel | 30 | 33 | | 9 | 6 | | 23 | 16 | | 24 | 31 | | 6 | 22 | 19 |
| Kraftoverskot | 0 | 0 | | 9 | 7 | | 0 | 0 | | 2 | 10 | | 10 | 11 | 6 |
| Anna | | | | | | | | | | | | | | | 2 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | | 100 | 100 | | 100 | 100 | | 100 | 100 | | 100 | 100 | 100 |
| N= | 57 | 27 | | 47 | 58 | | 21 | 24 | | 46 | 43 | | 81 | 22 | 446 |

N representerer her alle aktørene som er tilstade i utvalet (primær 357 sekundær 89)

På den første ramma, dyr straum forbrukar, er forbrukaren den heilt klart største avsendargruppa, med eit treff på over femti prosent. Dette er eit forventa funn, med tanke på den store interessa for straumprisar, og ei generell oppfatning av at straumprisane er høge. Litt meir overraskande er det at energisektoren, altså kraftbransjen og myndighetene, er ei så stor avsendargruppe av denne ramma. Dette bør nok ikkje tolkast som at kraftselskapa meiner at straumen er dyr, men snarare at dei vert brukt til å kommentere utspel eller påstandar om høge straumprisar, gjerne som motpart til ein anna aktør (eller journalist). Denne måten å organisere ein nyheitstekst på, altså å sette to partar opp mot kvarandre, og la dei kommentere kvarandre sine utspel, er vanleg, og grunnast ut i frå objektivitetsidealet. I tillegg til å vere motpart, er energisektoren også ofte i media for å varsle at straumprisen kjem til å gå opp (eller ned). Dette er antakeleg også tilfellet for ekspertane, som òg har eit høgt treff her. Ekspertane, som kan vere energi-rådgjevarar, analytikarar eller akademikarar vert brukt til å spå utviklinga til straumprisar, eller kommentere stigande/ høge straumpriser.

Ikkje overraskande er næringslivet den største avsendargruppa av dyr straum industri-ramma. Næringslivet er opptatt av det som angår dei; nemleg produksjon, industri og konkurransevilkår.

Den siste pris-ramma, billig straum, vert hovudsakleg brukt av ekspertar, myndigheter og kraftbransjen sjølv. Desse treffa trur eg hovudsakleg kan relaterast til varslinger om at straumprisane er på veg ned eller at magasina har god fyllingsgrad. Ramma er, som eg har påpeikt tidlegare, lite brukt samanlikna med dei andre rammene. Forbrukarane er ikkje tilstade som avsendar i det heile tatt. Med tanke på at dei fleste meiner at straumen er for dyr (Karlstrøm 2011) er dette ikkje så overraskande. Men kanskje er ikkje dette den einaste forklaringa. Ein kan også tenke seg at dei som er misnøgde, altså dei som meiner at straumprisane er for dyre, engasjerer seg meir, til dømes i form av å skrive lesarinnlegg, og at dei er ein meir interessant kjelde for journalistane. Teorien om nyheitskriterier seier at artiklar som tek for seg ting som ikkje fungerer, konflikt og missnøye, har stor nyheitsverdi. På den måten vert personar som meiner at straumen er for dyr ein betre kjelde enn ein som er nøgd. Dette kan også vere ein medverkande årsak til at forbrukarane er ei så stor

kjeldegruppe i dette utvalet, og at dyr straum forbrukar-ramma er den vesentleg mest brukte.

Når det gjeld miljø-rammene, ser ein at det først og fremst er miljøvernorganisasjonane som er avsendarar, med unntak av andre kraftkjelder-ramma. Miljøorganisasjonane har i forskjellige epokar organisert seg omkring ulike tema og interessefelt. Medan nokre av miljøorganisasjonane tradisjonelt har fokusert på naturvern (DNT, Norges Naturvernforbund og Bevar Hardanger), har dei nyare organisasjonane (Bellona, Zero, Miljøvernforbundet og Natur og Ungdom) i større grad vektlagt økopolitiske argument. Ut i frå dette skulle ein kunne tenke seg at dei ulike miljøvernorganisasjonane vil fordele seg ulikt mellom naturvern- og bærekraftig utvikling-rammene. I denne oppgåva utgjer ikkje miljøorganisasjonane ei stor nok gruppe til at eg kan slå fast dette, sjølv om eg har registrert dei enkelte miljøvernorganisasjonane i kodinga (appendix B2).

I tillegg til miljøvernorganisasjonane, ser ein at rikspolitikarane skil seg ut med å ha eit høgt treff på bærekraftig utviklings-ramma. Her skulle ein tru at det først og fremst var politikarar frå Venstre og SV som uttalte seg, då dette er dei to partia som i størst grad har markert seg som miljøorienterte. For Venstre sitt tilfelle, stemmer ikkje dette. Faktisk er ikkje politikarar frå Venstre tilstade i utvalet i det heile tatt, verken når det kjem til bærekraftig utvikling-ramma eller andre rammer. For SV sin del stemmer dette betre, då rikspolitikarar frå SV utgjer den største avsendargruppa av bærekraftig utviklingsramma, med fire treff (tabell A1).

Også forbrukarane er avsendar av miljørammer. Med femten prosent treff er denne ramma faktisk den nest mest brukte for mannen i gata, sjølv om den er betydeleg mindre enn den mest brukte ramma, dyr straum forbrukar. Dette kan tydeleggjere korleis forbrukarane, på same måte som mediedekninga, består av forskjellige sub-grupper, som alle representerer ulike syn og interesser i forsyningssikkerhetsdebatten.

Andre kraftkjelder-ramma er svært lite brukt, faktisk den minst brukte, om ein ser vekk frå anna-ramma. Som eg har vore inne på før, er denne ramma litt spesiell, fordi den både vert brukt av aktørar som argumenterer for ny, meir miljøvennleg kraftproduksjon av fornybar

energi, og av aktørar som meiner ein bør bygge fleire mobile gasskraftverk. I og med at miljøvernorganisasjonane er såpass lite representert på denne ramma, kan det kanskje tyde på at denne ramma først og fremst vert brukt av dei aktørane som vil ha auka kraftproduksjon, ikkje nødvendigvis utbygging av fornybar kraft.

Til slutt har ein rammene som handlar om forsyningssikkerheit. Kraftmangel-ramma er den nest mest brukte ramma totalt sett, og vert brukt av fleire, ulike aktørar. Den gruppa som bruker ramma mest er energisektoren; altså myndigheter, og kraftbransjen. Av myndighetene er det hovudsakleg Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) som er avsendar, og hos kraftbransjen Statnett og Bergen Kommunale Kraftselskap (BKK) (tabell A2). Dette kan tyde på at denne ramma særleg handlar om to ting; informasjon og opplysning om kraftsituasjonen, som er NVE si oppgåve, og forsyningssikkerhets-argument knytt til debatten om Sima Samnanger, der Statnett og BKK var dei to dominerande aktørane. I tillegg til desse, er lokalpolitikarane også ei stor avsendargruppe av kraftmangel-ramma. Her er det først og fremst lokalpolitikarar frå Ap som er avsendarar, deretter kjem Sp, H og Frp (tabell A1). Dette er omtrent som forventa, ut i frå korleis partia fordeler seg langs vekst-vern skiljelinja: Ap og Sp ligg omtrent midt på, medan Høyre og Frp ligg nærmast til vekst-parameteren (Tjernshaugen m. fl. 2011).

Den siste ramma, kraftoverskot, er ei lite brukt ramme. Som eg fann tidlegare (tabell 3), er denne ramma hovudsakleg bare tilstade i BT. Det er inga tydeleg avsendargruppe til denne ramma, treffa fordeler seg mellom lokalpolitikarar, mannen i gata og journalist/ redaktør. Ingen av desse gruppene er uventa avsendarar. Av dei få treffa som er på lokalpolitikarar som bruker denne ramma, ser ein at avsendarane kjem frå Sp og H (tabell 1A). Det er overraskande at næringslivet, ei gruppe som er avhengig av god forsyningssikkerheit, kjem såpass høgt (relativt) opp på ei ramme som handlar om at det er nok av kraft. Som eg har antyda før trur eg denne ramma i stor grad kan knytast til debatten om Sima-Samnanger. Her markerte særleg Industri Energi seg med å vere skeptiske til Statnett si vurdering av forsyningssikkerheita i Bergensområdet. Dei meinte at utbygginga var motivert ut i frå å auke straum-eksporten til utlandet. Med utgangspunkt i dette, og motivet til Industri Energi, kan ein forstå kvifor næringslivet er avsendar av denne ramma.

Det neste eg skal sjå på er korleis dei tre avisene har prioritert ulike argument og aktørar i forsyningssikkerheitsdebatten. Eg vil diskutere korleis dei to avisene har prioritert ulike rammer og aktørar, ut i frå to ting. Det første er i kva rekkefølgje rammene/ aktørane vert presentert (primær og sekundær), og det andre er sjanger.

6.3 Prioritering

Det kanskje tydlegaste kjenneteiknet for ein nyheitstekst er knappheit. Mykje informasjon skal formidlast på svært avgrensa spalteplass. Ei viktig oppgåve for redaksjonen vil difor vere å prioritere, både kva saker som skal trykkast, men også kva informasjon ein skal presentere i sjølve artikkelen. Denne prioriteringa vert sentral når ein skal vurdere i kva grad ei mediedekning har vore dobbeltmoralsk. Ein vanleg journalistisk standard når det kjem til å prioritere informasjonen i ei nyheitssak, er "den omvendte pyramide" (Schudson 2003). Dette organisasjonsprinsippet handlar om å presentere det viktigaste først, slik at ein allereie innleiingsvis svarar på dei grunnleggande spørsmåla; kven, kva, kvifor og korleis. Kva rammer, og aktørar som vert sluppen til først i artikkelen, vert difor sentralt å sjå nærmare på.

Dei tre avisene har omtalt forsyningssikkerheitsdebatten i ulike sjangrar. I tillegg til rekkefølgja informasjonen vert presentert i, kan også desse seie noko om prioriteringa som er gjort av dei forskjellige redaksjonane. Vidare i analysa skil eg mellom dei journalistiske kategoriane der ein kan tenke seg at det er eit krav til objektivitet og saklegheit; nyheitsartiklar og reportasjar, og dei kategoriane der ein vektlegg meiningsinnhald; leiar, kommentar, kronikk og lesarinnlegg. På den måten vert artikkeltypane organisert etter to hovudkategoriar: nyheiter og meiningsinnlegg, såkalla "news" og "views". Korleis desse fordeler seg mellom dei tre avisene, kan ein sjå i tabell 6.

Tabell 6: Sjanger fordelt på avis

| | Adresseavisen | Aftenposten | Bergens Tidende | Total |
|------------------------|---------------|-------------|--------------------|------------|
| Nyheiter | | | | |
| Nyheit | 61 | 51 | 57 | 58 |
| Reportasje | 1 | 8 | 0 | 2 |
| Meiningsinnlegg | | | | |
| Leder | 1 | 6 | 3 | 3 |
| Kommentar | 2 | 6 | 1 | 2 |
| Kronikk | 5 | 8 | 7 | 6 |
| Lesarinnlegg | 30 | 21 | 32 | 29 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 164 | 77 | 117 | 358 |

N representerer her alle artiklane i utvalet

Meiningsinnlegga utgjer heile førti prosent av utvalet, med ei klar hovudvekt på lesarinnlegg. Dette kan antakeleg forklare det tidlegare litt uventa funnet; nemleg at forbrukaren, som representerer "mannen i gata", er den største aktøren i utvalet (tabell 4). Når det gjeld forskjellar mellom dei tre avisene, skil Aftenposten seg litt ut, med å ha færre nyheitsartiklar og lesarinnlegg, og fleire reportasjar, kommentarar og leiarar enn dei to andre avisene. Kva betyding dette har, vil eg kome tilbake til.

I utviklinga av den moderne journalistikken har objektivitetsidealet etterkvar blitt eit krav. Trua på at det er mogleg å presentere nyheiter på ein nøytral og verkelegtru måte utgjer nesten grunnlaget for nyheitssjangeren. Ein kan seie at sjangrane som vert antatt å vere objektive vert sett på som "viktigare" enn meiningsinnlegga. Til dømes kan ein tenke seg at nyheitsartiklar vert rekna for å vere meir seriøse enn meiningsinnlegga, fordi dei representerer ein heil nyheitsredaksjon, og ikkje "bare" ein enkelperson si meining. I tillegg kan ein seie at lengda/ eller spalteplassen ei sak vert gitt, er eit uttrykk for kor stor grad saka er prioritert. Dette heng saman med dei kommersielle nyheitskriteria (Allern 2002). Slik sett kan ein seie at reportasjane, som krev meir spalteplass, ressursar og arbeid frå journalisten, vert sett på som ein viktig, og betydingsfull sjanger. Dette er også tilfelle for leiarane, som skal representere heile avisas sitt verdistandpunkt. Kva aktørar og rammer som vert brukt i dei ulike sjangrane vert difor interessant å sjå nærmare på.

Tabell 7: Aktør fordelt på sjanger

| | Nyheiter | | Meiningsinnlegg | | | | Total |
|-----------------------------|------------|------------|-----------------|------------|------------|--------------|--------------|
| | Nyheit | Reportasje | Ledar | Kommentar | Kronikk | Lesarinnlegg | |
| Energisektoren | | | | | | | |
| Kraftbransjen | 25 | 16 | 0 | 0 | 5 | 3 | 18 |
| Myndigheter | 11 | 9 | 0 | 0 | 0 | 2 | 8 |
| Interesseorg. | | | | | | | |
| Næringslivet | 14 | 16 | 0 | 0 | 30 | 8 | 13 |
| Miljøorganisasjonar | 6 | 24 | 0 | 0 | 9 | 6 | 7 |
| Ekspert | | | | | | | |
| Akademia | 5 | 17 | 0 | 0 | 19 | 2 | 5 |
| Analytikarar | 7 | 0 | 0 | 0 | 4 | 0 | 5 |
| Politikarar | | | | | | | |
| Riks | 13 | 9 | 0 | 0 | 5 | 13 | 12 |
| Lokal | 13 | 0 | 0 | 0 | 24 | 8 | 9 |
| Forbrukar | | | | | | | |
| 6 | 9 | 0 | 0 | 4 | 58 | | 19 |
| Journalist/ redaktør | 0 | 0 | 100 | 100 | 0 | 0 | 4 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 206 | 8 | 10 | 9 | 22 | 103 | 358 |

N representerer her alle artiklane i utvalet

Kraftbransjen er den største aktøren i nyheitsartiklane, eit funn som i seg sjølv kan tolkast som at dei vert sett på som ei viktig avsendargruppe. Men om ein ser på korleis aktørane vert brukt som primær- og sekundærkjelde (tabell A3), ser ein at kraftbransjen nesten bare er brukt som sekundærkjelde. Ein konsekvens av det eg tidlegare skildra som "pyramideprinsippet", vil vere at den aktøren som angrip, eller leverer premiss for debatten, mest sannsynleg vil bli primærkjelde. Den som skal svare på tiltale vil kome seinare i teksten, og dermed bli sekundærkjelde. Problemet presenteras altså først i artikkelen, fordi det vert vurdert til å vere det viktigaste i saka. Dette trur eg kan forklare kvifor kraftbransjen, den største aktøren i nyheitssakene, nesten bare er brukt som sekundærkjelde. Ein kan sjå for seg at mange av nyheitsartiklane tek utgangspunkt i høge straumprisar (til dømes ved å la ein misnøgd forbrukar uttale seg, syne til statestikk eller tidlegare oppslag) og lar kraftbransjen svare på, eller kommentere situasjonen. Denne måten å organisere teksten på er, som eg tidlegare har vore inne på, knyta opp til objektivitetsidealet; alle dei berørte partane skal få uttale seg i ei sak. Samtidig syner dette noko av det problematiske med dette idealet; for sjølv om kraftbransjen får uttale seg i saker, og slik sett kjem til orde, kjem

kraftbransjen til stadigheit i ein slags forsvarsposisjon, der dei må svare innafor dei rammene som allereie er etablert i teksten, utan moglegheit til sjølv å sette agendaen, eller å definere bruken av tolkingsramme. Når dette skjer i stor grad, ser ein at objektivitetsidelet til ei viss grad vert oppfylt (ein får utsegn frå begge sider av saka), men det vert kanskje ikkje grunnlag for å seie at dekninga er balansert.

I reportasjane skil miljøorganisasjonane seg ut, med å vere ei betydeleg avsendargruppe. Samtidig ser ein at reportasjane bare utgjer åtte artiklar (i motsetning til nyheitsartiklane som utgjer 206 saker), så ein skal vere forsiktig med å legge for mykje i desse tala. Miljøorganisasjonane er hovudsakleg tilstade i utvalet som sekundærkjelde (tabell A3), og på same måte som kraftbransjen trur eg dette er tilfelle fordi dei vert brukt som "motsats" til ein primæraktør, og kommenterer utsegn eller påstandar andre legg fram.

Den nest største aktøren i reportasjane, er akademia. Desse vert brukt omtrent likt som primær- og sekundærkjelde (tabell A3). Kanskje betyr dette at akademia i større grad enn miljøorganisasjonane vert brukt som primærkjelde i reportasjane. I så fall kan ein seie at akademia i større grad enn miljøorganisasjonane får lov til å sette premissane for ei sak.

Kronikkar og lesarinnlegg er dei einaste sjangrane der journalistane og avisredaksjonane ikkje er ein sentral del av framstillinga, det vil seie i utvalet av aktør og rammer. Den største avsendargruppa i lesarinnlegga er forbrukaren, og i kronikkane næringslivet. Ein kan difor tenke seg at lesarinnlegga og kronikkane hovudsakleg handlar om straumprisar, både for forbrukaren, og industrien (tabell 5).

I den vidare drøftinga av korleis avisene har prioritert dei ulike aspekta av forsyningssikkerhetsdebatten, vil eg ikkje sjå meir på lesarinnlegga og kronikkane. Dette er fordi eg ynskjer å få eit intrykk av korleis avisene prioriterer det journalistiske innhaldet og kva aktørar som får sleppe til. Eg har difor tatt vekk dei artiklane der journalistane ikkje styrer dette. Her kan ein sjølvsagt argumentere for at redaksjonen òg styrer kva lesarinnlegg som kjem på trykk. Eg meiner likevel det er rimeleg å påstå at dei journalistiske prioriteringane ikkje kjem fram på same måte i desse tekstane, slik dei gjer i nyheitstekstane, leiar og kommentar.

I tabell åtte kan ein sjå korleis rammene fordeler seg på dei artiklane der journalistar og redaktørar er forventa å vere sentrale i framstillinga.

Tabell 8: Rammer fordelt på sjanger.

| | Nyheit | | Meiningsinnlegg | | Total |
|-----------------------------|------------|------------|-----------------|------------|--------------|
| | Nyheit | Reportasje | Ledar | Kommentar | |
| Pris | | | | | |
| Dyr straum forbrukar | 30 | 10 | 22 | 8 | 28 |
| Dyr straum industri | 8 | 0 | 0 | 15 | 7 |
| Billig straum | 5 | 0 | 0 | 0 | 5 |
| Miljø | | | | | |
| Vern av natur | 8 | 35 | 13 | 15 | 9 |
| Bærekraftig utvikling | 11 | 45 | 22 | 23 | 13 |
| Andre kraftkjelder | 4 | 0 | 0 | 8 | 4 |
| Forsyningssikkerheit | | | | | |
| Kraftmangel | 27 | 10 | 36 | 23 | 27 |
| Kraftoverskot | 4 | 0 | 7 | 8 | 4 |
| Anna | 3 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| N= | 206 | 8 | 10 | 9 | 233 |

N representerer her nyheiter, reportasjar, leiar og kommentarar.

I nyheitsartiklane er dyr straum forbrukar den mest brukte ramma, og denne ramma vert hovudsakleg brukt som primærramme (tabell A4). Dette trur eg bør tolkast som at temaet for denne ramma vert sett på som ei viktig nyheitssak i alle dei tre avisene. Dette er som forventa, med tanke på at ramma oppfyller fleire av nyheitskriteria. Det same er nok tilfelle for den nest største ramma i nyheitsartiklane; nemleg kraftmangel-ramma. Som eg har sett tidlegare (tabell 3) er denne ramma særleg mykje brukt i dei to avisene som har eit dekningsområde som er prega av dårlig forsyningssikkerheit, nemleg BT og Adresseavisen. Slik sett er dette eit forventa funn, nemleg at kraftmangel er ei ramme som har høg nyheitsverdi, særleg i eit område som er prega av nettopp dette.

I reportasjane er det så godt som bare to rammer som vert brukt; bærekraftig utvikling og vern av natur. Som eg fann tidlegare (tabell 6) kjem reportasjane i dette utvalet hovudsakleg

frå Aftenposten. Denne avisa er den einaste i Norge som har ein fulltids klimajournalist, nemleg Ole Mathismoen, som også har gitt ut eit bok om emnet. Kanskje kan dette vere med å forklare kvifor Aftenposten prioriterer dette temaet meir, med å la desse rammene få dominere i den sjangeren som er den mest ressurs- og tidskrevjande.

Det er relativt få leiarar og kommentarar i utvalet (10 leiarar og 9 kommentarar). Dette heng sjølvsagt saman med at medan det i kvar avis er mange nyheitssaker, er det bare éin leiar, og nokre få kommentarar. Desse artiklane handlar om kraftmangel, bærekraftig utvikling og dyr straum forbrukar. Dei fleste leiarane og kommentarane i utvalet kjem frå Aftenposten (tabell 6), avisa der særleg miljø-rammene er mykje brukt. Ein kan difor tenke seg at leiarane og kommentarane i Aftenposten først om fremst handlar om bærekraftig utvikling og dyr straum forbrukar. At leiarane i Aftenposten tek opp same tematikken som vert brukt i reportasjane trur eg ikkje skal tolkast som ei tilfeldigheit, men heller eit uttrykk for at reportasjane og leiaren vert sett på som viktige kanalar til å formidle ut avisa sitt verdigrunnlag. Aftenposten prioriterer miljø i større grad enn Adresseavisen og Bergens Tidende, noko tilsettinga av ein eigen miljø/ klima-journalist også er eit uttrykk for.

I dette analysekapittelet har eg sett på ulike sider av mediedekninga til Adressa, Aftenposten og Bergens Tidende, for å kunne vurdere om ein kan seie at den er prega av ein dobbeltmoral. Dobbeltmoral i dette tilfellet vil handle om å krevje god forsyningssikkerheit samtidig som ein krev billigare straumrekning og nektar å godta ein synleg infrastruktur. Eg har sett på kva tolkingsrammer som har blitt brukt, kva aktørar som har fått delta i debatten, og korleis dei ulike syna og argumenta har blitt prioritert og belyst. Eg vil no prøve å seie noko om kva konsekvensar desse funna har for NTE Nett, med tanke på kommunikasjon og mediehandtering, før eg avsluttar oppgåva med ein diskusjon om kor vidt mediedekninga faktisk har vore prega av ein dobbeltmoral.

7. Konsekvensar for NTE Nett sin kommunikasjon

Den norske kraftmarknaden vart avregulert i 1991, men det var først i 1997 at avgifta som straumkundane måtte betale for å skifte leverandør vart fjerna. Denne overgangen frå monopol til fri konkurrans, har gjort at kraftbransjen har måta tenke konkurrans og marknad på ein heilt anna måte enn før, noko som også får konsekvensar for kommunikasjonen. I denne delen av oppgåva vil eg kome med konkrete innspel til ein kommunikasjonsstrategi for NTE Nett, som tek utgangspunkt i resultata frå analysa.

7.1 Klart standardsvar

Eitt av dei tydlegaste resultata i denne oppgåva, er at rammer som er knytt til straumpris, og særleg straumpris for privatpersonar, har ein sentral plass i mediedekninga av forsyningssikkerheita. Ifølgje TNS Gallup (2011) vurderer forbrukaren kraftbransjen først og fremst ut i frå pris. Det er altså ingen tvil om at straumprisar er eit sentralt tema, både for forbrukaren, media og kraftbransjen. Dette gjeld også kundane til NTE Nett. I ei kundeundersøking frå 2011 (NTE 2011b) svarer nesten 60% av NTE Nett sine kundar at dei er svært misfornøgde, eller misfornøgde med prisen på nettleiga. Dette er altså eit tema som i aller høgste grad angår NTE, men kva konsekvensar får det for kommunikasjonen?

Eit viktig poeng i denne samanheng, vil vere å synleggjere seg sjølv i media, mellom anna gjennom å uttale seg i alle relevante samanhengar. Å vere tilstade i media er viktig, fordi ein får moglegheit til å nå ut med sitt bodskap, og sine forklaringsmodellar. Som eg har sett i analysa, er kraftbransjen ein stor aktør i mediebiletet. Faktisk er kraftbransjen den største aktøren i utvalet, sett bort frå forbrukaren. Problemet ligg altså ikkje i forhold til å sleppe til i media. Kraftbransjen er mest brukt som sekundærkjelde, noko som vil seie at det først og fremst er andre aktørar som får sleppe til med sine meiningar og tolkingsrammer, og at kraftbransjen deretter får moglegheit til å kommentere desse aktørane sine utspel. I praksis betyr dette at NTE Nett i liten grad har moglegheit til å sette premissane for debatten, eller mediedekninga, men at dei heller må vere førebudd på å ha gode svar når dei vert kontakta av journalistar. Det vert viktig å vere i forkant, og å ha klart gode og tydelege standardsvar.

7.2 På nett med straumrekninga

Nesten 90% av kundane til NTE Nett meiner at kvaliteten på straumforsyninga er bra, eller svært bra, samtidig som dei altså meiner at nettleiga er for høg (NTE 2011b). Det kan dermed verke som at kundane ikkje ser noko samanheng mellom forsyningssikkerheit og nivå på nettleige. Dette kan kanskje forklare kvifor ein har tolkingsrammer som handlar om at motivasjonen til kraftbransjen for å bygge og vedlikehalde infrastruktur er å tene pengar, ikkje å betre forsyningssikkerheita: Forbrukaren oppfattar rett og slett ikkje at det er eit behov for å oppgradere, eller bygge ut kraftnettverket. Slik sett kan ein forstå kvifor mange stiller seg uforståande til argument som handlar om därleg forsyningssikkerheit. I tillegg er det bare 25% av kundane til NTE Nett som er kjent med korleis straumrekninga er inndelt, og bare 8% er klar over at det er Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) som fastsett nivået på nettleiga (NTE 2011b). Her ligg det altså eit stort potensiale i forhold til å informere kundane sine om at store delar av straumrekninga ikkje går til å betale for straumbruk eller er inntekter for straumselskapet, men vert brukt til nødvendig utbygging eller vedlikehald på infrastrukturen, og til å betale skatter og avgifter til staten. Så korleis kan NTE Nett få kommunisert dette til sine kundar på ein effektiv og målretta måte?

Som eg var inne på i førre avsnitt, trur eg det kan vere lurt å utarbeide eit standardsvar, som ein bruker som respons kvar gong ein vert kontakta av media for å snakke om høge straumprisar. Om dette standardsvaret inkluderer at ein stor del av straumrekninga er ei nødvendig statsstyrt vedlikehaldsavgift, kan ein kanskje på sikt få auka kundane si kjennskap til nettleiga. Men, i og med at kraftbransjen i stor grad vert brukt som sekundærkjelde, kan det også vere nyttig å supplere med andre kommunikasjonskanalar, der ein kan fungere som primærkjelde, og dermed også premissleverandør for kommunikasjonen. Førti prosent av kundane til NTE Nett rapporterer måleverdiane elektronisk, altså på internett (NTE 2011b). Det betyr at nettsidene er ein godt eigna kanal for å formidle viktig informasjon til kundane. Ein effektiv måte å auke forbrukaren sin kunnskap om nettleige, vil difor vere å sette i gang opplysingstiltak på nettsidene. Eit eksempel på ein god måte å gjere dette på, kan vere nettleigekalkulatoren til Energiselskapet Buskerud (sjå bilde i appendix C). Her kan ein legge inn forventa forbruk, og sjå kor stor del av straumrekninga som er nettleige. Vidare kan ein sjå kor stor del av nettleiga som går til staten i form av skatter og avgifter, og kva som går til kraftselskapet. I tillegg får ein ei oversikt over kva kraftselskapet bruker sin del av nettleiga

til (vedlikehald, investeringar og driftsoverskot). Til slutt kan ein legge inn kva kommune ein bur i, og få konkrete eksempel på prosjekt i nærmiljøet som kraftselskapet har jobbar med, eller sponsa utbygginga av. Dette er ein smart, og effektiv måte å opplyse sine kundar på; gjennom enkle figurar får ein kjennskap til korleis kraftmarknaden fungerer, kven som får inntekter av nettleiga, og korleis desse pengane vert brukt av selskapet. I tillegg får ein synleggjort korleis nokre av pengane vert brukt på prosjekt forbrukaren har nytte av, og kjennskap til frå sitt eige nærområdet. Ved å auke kunnskapen om kva nettleiga brukast til, kan ein auke forståinga for, og dermed kanskje også tilfredsheita med prisen. I tillegg til å opplyse, kan ein slik nettleigekalkulator skape tillit og truverdigheit. Dette er viktig, fordi på tross av at forbrukaren svarer at dei trur dei kan få billigare straum om dei bytter nettselskap, er det bare 11% av husstandane som gjer nettopp dette (TNS Gallup 2011). Dette kan vere eit uttrykk for mange ting, men kan også bety at det er andre forhold enn pris som knyter kundane til selskapet. Kanskje er kundane sitt fokus vel så mykje på selskap, som på produkt. Dermed vert det viktig for NTE Nett å peike på dei viktige bidraga kraftnæringa har i eit nærområde; som arbeidsplass, samfunnsbyggjar og bidragsyter til lokal samfunnsøkonomi. Dette vert kanskje like viktig som å opplyse kundane om dei faktiske forholda rundt nettleiga.

7.3 Miljø i vinden

I tillegg til å kommunisere eigne synspunkt og argument, er det viktig å ha kjennskap til dei områda som betyr mykje for kundane. Eit eksempel på eit slik område er miljø, og fornybar energi. I analysedelen av denne oppgåva, fann eg at tolkingsrammer knytt til miljø har eit stort potensiale for å få mediemarksemd. NTE har som mål om å "modernisere samfunnet" og "bidra til vidareutviklinga av fornybar energi" (NTE 2011a), og burde difor satse på å vere avsendar av slike saker. I nyheitsartiklar som er knytt til miljø, og utbygging av fornybar energi kan ein altså sjå for seg at NTE kan vere interessant som primærkjelde, og dermed få definisjonsmakt i forhold til kva argument og tolkingsrammer som skal bli brukt. Aktørar som allereie er avsendar av desse argumenta er miljøorganisasjonar og akademia, og slik sett kunne det ha vore strategisk for NTE å knyte kontaktar til desse, til dømes gjennom samarbeidsprosjekt. "Demo Steinkjer"-prosjektet (Demo Steinkjer 2011) framstår som eit godt eksempel på eit prosjekt ein bør satse på å synleggjere i media.

7.4 Utbygging og føre var

Særleg den eine ramma, kraftoverskot, sender klare signal om ein skepsis til kraftbransjen. Dette skal ein sjølvsagt ta på alvor, og vere klar over, men samtidig finn eg at dette ikkje er ei særleg mykje brukte ramme i den store samanheng. Nesten alle gongene denne ramma er brukta, kan det knytast opp til utbygginga av Sima Samnanger. Dette syner kor viktig det er med god kommunikasjon om ein står oppe i ein utbyggingssituasjon. Midt Norge, og NTE Nett går i møte ei tid med fleire potensielle konfliktfulle utbyggingsprosjekt, og for å unngå å hamne i konfliktsituasjonar kan det vere lurt å vere i forkant med kommunikasjonsplanane. Sima Samnanger-saka syntet særleg to ting; for det første vart viktigheita av god kommunikasjon med dei involverte partane understreka, og for det andre såg ein kor sterkt naturvern-argumenta ligga forankra i forbrukarane. I ei elles så svært lite betalingsvillig kundegruppe, ser ein at i utbyggingssaker, er forbrukarane faktisk villige til å betale ekstrakostnadane for å unngå landskapsestetiske inngrep. Om ein hamner i ei konfliktsituasjon knytt til utbygging, vert pris altså ikkje lengre det viktigaste argumentet for kundane. Dette må NTE ta høgde for, når dei kommuniserer med dei involverte partane i utbyggingssaker.

8. Avslutning og konklusjon

Utgangspunktet for denne oppgåva, var å undersøke om mediedekninga av norsk forsyningssikkerheit var prega av ein dobbeltmoral, i betydinga av å forvente god forsyningssikkerheit samtidig som ein krev lågare straumrekning. For å forsøke å svare på dette, har eg analysert korleis forsyningssikkerheitsdebatten har kome til uttrykk i tre ulike aviser, gjennom eit heilt år. Så kva kan eg konkludere med?

Først og fremst har eg synleggjort korleis forsyningssikkerheitstematikken er kompleks, fordi den handlar om både klima, energi og verdiskapning. Mange aktørar er involvert, og alle desse har ulike utgangspunkt og interesser, noko som gjer at dei bruker forskjellige argument. På den måten vert verkelegheitsforståinga, og den samla bruken av tolkingsrammer gjerne motstridande. Om ein ser på mediedekninga som representant for ein homogen offentlegheit, kan ein kanskje seie at den er prega av ein dobbeltmoral. Dei to tolkingsrammene som er mest brukt, er *dyr straum forbrukar*, og *kraftmangel*; altså argument som handlar om å få lågare straumrekning, samt at forsyningssikkerheita må betrast. Med utgangspunkt i dette kan ein seie at mediedekninga er prega av ein misforhold, der ein krev betre forsyningssikkerheit, samtidig som ein vil kutte i rekninga som finansierer nettopp dette. Eg vil likevel ikkje konkludere med at mediedekninga er dobbelmoralsk. Eg vil heller peike på at mediedekninga representerer ei samling av forskjellige utsegn, som kan sporast tilbake til ulike sub-grupper. På denne måten vert ikkje mediedekninga dobbelmoralsk, men heller eit uttrykk for at fleire, ulike aktørar får kome til orde med sine meningar. Slik sett kan ein seie at "dobbelmoralen" faktisk er eit uttrykk for noko positivt; nemleg at fleire sider av saka vert belyst, og at media oppfyller si rolle som opplysande og granskande samfunnsaktør. Eg finn likevel store forskjellar i måten ulike tolkingsrammer og aktørar vert prioritert i mediedekninga. Gjennom å sjå nærare på media si arbeidsmetode, utvalsmetode, normer og reglar, har eg prøvd å synleggjere kvifor nokre aktørar, og nokre argument får mediedekning, gjerne på bekostning av andre. Eg har også prøvd å forklare kvifor nokre tolkingsrammer vert brukt, igjen og igjen. Basert på dette har eg kome med innspel og tips til korleis NTE Nett kan nyttiggjere seg av denne kunnskapen, for å oppretthalde, eller forbetre kommunikasjonen sin med sine kundar.

Det er likevel grunn til å understreke at når det kjem til kommunikasjon, og kanskje særleg for eit nettselskap, fins det ikkje eitt genialt tiltak, eller bodskap som løyser alt. Norsk kraftbransje sitt omdømme avheng mellom anna av nedbørsmengde, temperatur og tilgang på energi, og det er kanskje grunnlag for å seie at dei i stor grad vert vurdert ut i frå faktorar dei ikkje sjølv kan styre over. Kommunikasjonen mot straumkundane vert prega av eit "gjennomsnittets tyranni", då det ikkje finnes éin representativ kunde, men ulike aktørar, og grupper som fordeler seg ulikt på ein interesseneskala. Likevel er det mange ting ein kan styre, eller påverke, gjennom god, målretta kommunikasjon. Dette har eg prøvd å synleggjere, gjennom å legge fram konkrete eksempel, og tips NTE Nett kan ta i bruk.

Det eg derimot ikkje har sett på i denne oppgåva, er kvifor tolkingsrammer oppstår, eller korleis dei påverkar mottakaren. Eit anna interessant spørsmål er om det fins ein måte å framstille tema på, som ikkje involverer bruk av tolkingsrammer; altså om det fins eit alternativ? Desse spørsmåla overlèt eg til andre medieforskarar å undersøke.

9. Litteraturliste

Angelshaug, Terje (2010): Bergens Tidende: *Fakta og følelser.* s31 17.07.10

Allern, Sigurd (2002): *Nyhetsverdier. Om markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser.* Oslo IJ-forlaget

Allern, Sigurd (2001): *Flokkdyr på Løvebakken. Søkelys på Stortingets presselosje og politikkens medierammer.* Oslo: Pax

Almklov, Petter, Stian Antonsen, Jørn Fenstad, Endre Jacobsen, Agnes Nybø og Gerd Kjølle (2009): *Fra forvaltning til forretning. Restrukturering av norske nettselskaper og konsekvenser for samfunnssikkerhet.* NTNU Samfunnsforskning

Bjørklund, Tor (1991): Election Campaigns in Postwar Norway: From Party-Controlled to Media-Driven campaigns, *Scandinavian political studies* (14) s 279 - 302

Demo Steinkjer (2011): <http://www.demosteinkjer.no/om-demo-steinkjer>

DNT (2011) http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=9

Eide, Elisabeth (1991): *Kvinnebildet i norsk dagspresse.* Oslo: Norsk Journalisthøyskole

Eide, Martin og Gudmund Hernes (1987): *Død og pine! Om massemedia og helsepolitikk.* Oslo: FAFO

Entman, R (1993): Framing: towards a clarification of a fractured paradigm. *Journal of Communication* 43(4) 52-58

Goffmann (1974): *Frame Analys. An essay on the Organization of Experience.* Boston: Northeastern University Press

Grønmo, Sigmund (2004): *Samfunnsvitenskaplige metoder.* Bergen: Fagbokforlaget

Hernes, Gudmund (1978): Det mediavritte samfunn, i Hernes, Gudmund (red) *Forhandlingsøkonomi og blandingsadministrasjon.* Oslo: Universitetsforlaget.

Hornmoen, Harald (1999): *Vitenskapens vakthunder. Innføring i forskningsjournalistikk.* Oslo: Tano Aschehaug

Ihlen, Øyvind og Sigurd Allern (2008): This is the issue: Framing contests, public relations and media coverage. I: Strömbäck, Jesper, Mark Ørsten & Toril Aalberg (red): *Communicating politics: Political communication in the Nordic Countries.* Gothenburg:Nordicom. Kap. 13. s 233 - 248

Ihlen, Øyvind (2007): *Petroleumsparadiset: Norsk oljeindustris strategiske kommunikasjon og omdømmebygging.* Oslo: Unipub

Ihlen, Øyvind (2001): Miljømakt og journalistikk i Eide (red) *Til dagsorden!* Oslo: Gyldendal

Ihlen, Øyvind og Elin Andersen (1999): Rammer, posisjoner og Romeriksporten: Mediepakker som praktisk-analytisk verktøy. *Norsk Medietidsskrift* 6(1) s. 19-39

Inglehart, Ronald (1997): *The Silent Revolution: Changing Values and Political Styles Among Western Publics*. Princeton: Princeton University Press.

Inglehart, Ronald (1990): *Culture Shift in Advanced Industrial Societies*, Princeton: Princeton University Press.

Iyengar, Shanto (1991): *Is anyone responsible? How television frames political issues*. Chicago: The University of Chicago Press

Iyengar, Shanto (1990): Framing Responsibility for Political Issues: The Case of Poverty Political Behavior. *Cognition and Political Action* 12(1) s. 19-40.

Jenssen, Anders Todal og Toril Aalberg (red) (2007): *Den medialiserte politikken*. Oslo: Universitetsforlaget

Karlstrøm, Henrik (2011): *Den deregulerte forbruker. Norske strømbrukeres holdninger til strømmarkedet, fornybar energi og bærekraftig kraftproduksjon*. Institutt for tverrfaglige kulturstudier, NTNU. Upublisert.

Kjølle, Gerd, Olve Mongstad og Knut Samdal (2006): *Analyser av feil og avbrudd i kraftnettet 1989-2005*. SINTEF energiforskning

Klockare, Jenny (2004): *Den omdebatterade opartiskheten –en forskningsöversikt JMG*, Göteborgs Universitet. Henta frå http://www.sns.se/document/opartiskhet_jk.pdf

Listhaug, Ola og Tor Georg Jakobsen (2007): *Norske meninger om miljø -lokalt og globalt. Verdiundersøkelsen 2007*. Henta frå <http://www.ssb.no/ssp/utg/200801/07/>

LO (2011): <http://www.lo.no/u/Om-LO/?tabid=131>

Martiniusen, Willy (1988): *Solidaritetens grenser*. Oslo: Universitetsforlaget

Naturvernforbundet (2011): http://naturvernforbundet.no/om_naturvernforbundet/

Navrud, Ståle (2007): *SAMFUNNSØKONOMISKE ANALYSER OG MILJØKOSTNADER AV ULIKE ENERGIKILDER*. Rapport til Havgul AS og Vestavind Kraft AS. Henta frå <http://siragrunnen.no/documents/BetalingsvillighetNavrud.pdf>

Navrud, Ståle (2004): *En sammenligning av norsk vannkraft med andre energibærere. Trinn 2 – Miljøkostnader av norsk vannkraft*. Publikasjon nr 181-2004. Oslo: EBL Kompetanse

Nervik, Stein (2011): Adresseavisen: *Strømregning som svir*. s22 05.01.11

NHO (2011): http://www.nho.no/kort_om_nho/

NOU 2010: 14. *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*. Oslo: Kulturdepartementet

NOU 2000:24. *Et sårbart samfunn. Utfordringer for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i samfunnet*. Oslo: Justis- og politidepartementet.

NOU 1999: 27. *Ytringsfrihed bør finde Sted. Forslag til ny Grunnlov § 100*. Oslo: Justis- og politidepartementet

NTEa (2011): <http://www.nte.no/index.php/om-nte/samfunnsrolle>

NTEb (2011): Kundeundersøkelse 2010 og 2011. Upublisert.

NTNU (2011): <http://www.ntnu.no/documents/10434/6794135/MEDIER%20KOMMUNIKASJON+OG+INFORMASJONSTEKNOLOGI.pdf>

NRK (2011): <http://www.nrk.no/programmer/tv/brennpunkt/1.32417>

NVE (2011): <http://www.nve.no/no/Kraftmarked/Forbrukersider/Kraftmarkedet/>

Reese, Stephen (2001): Prologue - Framing Public Life: A Bridging Model for Media Research. I Stephen Reese, Oscar Gandy og August Mahwah *Framing Public Life: Perspectives on Media and our Understanding of the Social World*. New York: Lawrence Erlbaum Associates.

Ruud, Audun, Jens Jacob Kielland Haug og William M. Lafferty (2011): "Case Hardanger". En analyse av den formelle konsesjonsprosessen og mediedekningen knyttet til den omsøkte luftledningen Sima-Samnanger. CEDREN, SINTEF Energi AS

Scudson, Michael (2003): *The Sociology of News*. New York: W. W. Norton & Company

Sears, David og Jack Citrin (1982): *Tax revolt: Something for nothing in California*. Cambridge: Harvard University Press.

Seippel, Ørnulf (2000): *Modernitet, politikk og miljø*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning. Rapport 2000:6.

Slaatta, Tore (2001): Journalistikkens makt i den globale tidsalder. I: Eide (red) *Til dagsorden!* Oslo: Gyldendal

Statistisk Sentralbyrå (2011): <http://www.ssb.no/energi/>

Statnett (2011): <http://www.statnett.no/no/Kraftsystemet/>

Statnetts (2010) *Nettutviklingsplan 2010*. Henta frå <http://www.statnett.no/Documents/Kraftsystemet/Nettutviklingsplaner/Statnetts%20nettutviklingsplan%202010.pdf>

St.meld. nr. 57 (2000-2001): *I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i mediepolitikken*. Oslo: Kulturdepartementet

St.meld. nr 17 (2004-2005): *Makt og demokrati*. Oslo: Statsministerens kontor

Straume, Ingerid (2001): *Miljøspørsmål som samfunnsproblem*. Rapport for program for forskning og utredning for et bærekraftig samfunn. Senter for utvikling og miljø. Henta frå http://uiuo.academia.edu/IngeridStraume/Papers/71178/Miljosporsmal_som.samfunnsproblem._Lokal_Agenda_21_og_politisering_av_offentligheten

Sundvor, Egil (2000): *Forbrukarjournalistikk – framtidas redaksjonelle våpen?* Kristiansand: IJ-Forlaget

Tjernshaugen, Andreas, Bernt Aardal og Anne Therese Gullberg (2011): Det første klimavalget? Miljø- og klimaspørsmålene plass ved valget i 2009. I: Aardal, Bernt (red), *Det politiske landskap. En studie av stortingsvalget i 2009*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. s331-362

Todal, Per Anders (2010): Dag og Tid: *Faneberaren*. s7 17.07.10

TNS Gallup (2011): *TNS Gallup og Energimarkedet*. <http://www.tns-gallup.no/?aid=9071719>

TV2 (2011): *Nordmenn mer opptatt av vinterens strømpriser en økonomisk krise*. <http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/nordmenn-mer-opptatt-av-vinterens-stroempriser-enn-oeconomisk-krise-3615625.html>

Waldahl, Ragnar (2003): *Mediepåvirkning* Oslo: Gyldedal Akademisk.

Wasim, Riaz (2011): Aftenposten "Nå kommer strømsjokket" s14 13.01.11

Westerståhl, Jörgen (1972): *Objektiv nyhetsförmedling*. Stockholm: Akademiförlaget

Zaller, John (1992): *The nature and origins of mass opinion*. Cambridge: Cambridge Studies in Public Opinion and Political Psychology

Ørstavik, Linda (2011): Aftenposten: *Slik sparar du strøm på hytta*. s5 17.02.11

Østbye, Helge (2009): Medienes dagsorden – og publikums. I: Gentikow (red.) *Mediebruk. Medievitenskap* (3). Bergen: Fagbokforlaget

Østbye, Helge, Knut Helland, Karl Knapskog og Leif Ove Larsen (2002): *Metodebok for mediefag* Bergen: Fagbokforlaget

Aalberg, Toril og Tove Brekken (2007): Når spill og enkeltepisoder blir viktigst. I Jenssen, Anders Todal og Toril Aalberg (red) (2007): *Den medialiserte politikken*. Oslo: Universitetsforlaget s 177-196

Aardal, Bernt (red.) (2011): *Det politiske landskap. En studie av stortingsvalget i 2009*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Aardal, Bernt (1993): *Energi og miljø. Nye stridsspørsmål i møte med gamle strukturer.* Henta frå <http://aardal.info/avhandl.pdf>

Aardal, Bernt, Anne Krogstad, Hanne Marthe Narud (red.) (2004): *I Valgkampens hete.* Oslo: Universitetsforlaget

Aardal, Bernt og Henry Valen (1995): *Konflikt og opinion.* Oslo: NKS-Forlaget

Appendix A

Tabell A1: Rammer fordelt på riks- (R) og lokalpolitikarar (L)

| | Ap | | SV | | Sp | | H | | Frp | | Krf | | Rødt | | V | | Total | |
|-----------------------------|-----------|-----------|----------|----------|-----------|-----------|----------|-----------|-----------|-----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|-----------|-----------|
| | R | L | R | L | R | L | R | L | R | L | R | L | R | L | R | L | R | L |
| Pris | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Dyr straum forbrukar | 2 | 5 | 1 | 1 | 8 | 1 | 0 | 5 | 6 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 18 | 13 |
| Dyr straum industri | 4 | 3 | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 9 | 5 |
| Billig straum | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| Miljø | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Vern av natur | 1 | 4 | 0 | 3 | 0 | 3 | 1 | 1 | 0 | 4 | 1 | 3 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 18 |
| Bærekraftig utvikling | 3 | 4 | 4 | 2 | 3 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 14 | 6 |
| Andre kraftkjelder | 1 | 6 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 9 |
| Forsyningssikkerheit | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kraftmangel | 8 | 9 | 1 | 1 | 11 | 4 | 3 | 4 | 0 | 4 | 3 | 1 | 0 | 1 | 0 | 1 | 26 | 25 |
| Kraftoverskot | 2 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 | 4 |
| Sum (N=) | 21 | 31 | 5 | 7 | 25 | 11 | 8 | 14 | 10 | 10 | 7 | 5 | 1 | 2 | 0 | 1 | 78 | 81 |

N representerer her aktørgruppe politikarar (primær og sekundær). Tala er ikkje omgjort til prosent.

Tabell A2: Myndigheter og kraftbransje fordelt på kraftmangel-ramma

| | Myndigheter | | | Kraftbransjen | | | | Total |
|--------------------|-------------|-------|-----|---------------|-----|---------------------|-------------------|--------------|
| | NVE | Enova | OED | Statnett | BKK | Trondheim Energi | Trønder Energi | |
| Kraftmangel | 10 | 1 | 1 | 18 | 5 | 1 | 1 | 37 |

Tala er ikkje omgjort til prosent

Tabell A3: Aktør fordelt som primær- og sekundærkjelde

| | Primærgruppe | Sekundærgruppe | Total |
|-----------------------------|--------------|----------------|------------|
| Energisektoren | | | |
| Kraftbransjen | 15 | 24 | 17 |
| Myndigheter | 7 | 10 | 8 |
| Interesseorg. | | | |
| Næringslivet | 13 | 11 | 13 |
| Miljøorganisasjonar | 4 | 14 | 6 |
| Ekspert | | | |
| Akademia | 5 | 5 | 5 |
| Analytikarar | 5 | 6 | 5 |
| Politikarar | | | |
| Riks | 12 | 13 | 12 |
| Lokal | 11 | 14 | 10 |
| Forbrukarar | 22 | 3 | 19 |
| Journalist/ redaktør | 5 | 0 | 4 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 |
| N= | 357 | 89 | 446 |

N representerer her alle aktørarar i utvalet (primær 357 sekundær 89)

Tabell A4: Rammer fordelt på primær- og sekundærbruk

| | Primærrammer | Sekundærrammer | Totalt |
|-----------------------------|--------------|----------------|------------|
| Pris | | | |
| Dyr straum forbrukar | 35 | 14 | 29 |
| Dyr straum industri | 7 | 7 | 7 |
| Billig straum | 4 | 0 | 3 |
| Miljø | | | |
| Vern av natur | 10 | 9 | 10 |
| Bærekraftig utvikling | 13 | 14 | 13 |
| Andre kraftkjelder | 4 | 11 | 6 |
| Forsyningssikkerheit | | | |
| Kraftmangel | 19 | 32 | 23 |
| Kraftoverskot | 6 | 11 | 7 |
| Anna | 2 | 2 | 2 |
| Sum (prosent) | 100 | 100 | 100 |
| N= | 358 | 151 | 509 |

N representerer her alle rammer i utvalet

Appendix B

B1: Oversikt over enkeltaktørar i utvalet

Energisektoren

Kraftbransjen

- Statnett
- Statkraft
- NTE
- BKK
- Hafslund
- Trondheim Energi
- TrønderEnergi

Myndigheter

- Miljødepartementet
- Olje- og Energidirektoratet
- Norges Vassdrag- og Energidirektorat
- Direktoratet for Naturforvaltning
- Enova
- Nærings- og Handelsdepartementet
- Forbukerombudet
- Olje- og Energidepartementet

Interesseorganisasjonar

Næringsliv og fagforbund

- NHO + Energi Norge
- LO
- Norsk Industri
- Statoil
- Industri Energi
- Industribedrifter anna
- Industribedrifter lokalt Midt Norge
- Industribedrifter lokalt Bergensområde

Miljøorganisasjonar

- Bellona
- Zero
- Bevar Hardanger
- Norges Naturvernforbund
- Den norske Turistforening
- Norges Miljøvernforbund

- Natur og Ungdom
- World Wildlife Founds (WWF)
- Anna miljøorganisasjon

Ekspert

Akademia

- NTNU
- SINTEF
- Norsk Institutt for naturforskning (NINA)

Analytikar

- Tidlegare ansatt i bransjen
- Kraftanalytikar/ energirådgjevar

Politikarar

Politikarar

- | | |
|------------------------------|-------------------------------|
| - Rikspolitikar Ap | - Lokalpolitikar Ap |
| - Rikspolitikar SV | - Lokalpolitikar SV |
| - Rikspolitikar Sp | - Lokalpolitikar Sp |
| - Rikspolitikar H | - Lokalpolitikar H |
| - Rikspolitikar Frp | - Lokalpolitikar Frp |
| - Rikspolitikar V | - Lokalpolitikar V |
| - Rikspolitikar Krf | - Lokalpolitikar Krf |
| - Rikspolitikar Rødt | - Lokalpolitikar Rødt |
| - Rikspolitikar Miljøpartiet | - Lokalpolitikar Miljøpartiet |

Forbrukar

- Mannen i gata mann
- Mannen i gata kvinne
- Mannen i gata ukjent kjønn

Journalist/ redaktør

- journalist
- redaktør

B2: Kodebok

1. Artikkelenummer

2. Avis

1. Adresseavisen
2. Aftenposten
3. Bergens Tidende

3. Overskrift på artikkel

4. Dato

5. Artikkletype

- | | |
|--------------------------------|---------------|
| 1. Nyheit | 4. Reportasje |
| 2. Lesarinnlegg/ debattinnlegg | 5. Kommentar |
| 3. Kronikk | 6. Leder |

6. Primærramme

Pris

1. Dyr strøm forbrukar: hovudfokuset er på at straumen er høg/ for dyr for privatpersonar. Personar får økonomiske problem, og gamle må sette liv og helse i fare. Mange av artiklane handlar om korleis ein kan kutte ned på strømbruken, slik at ein kan spare pengar. Snakkar ikkje om forsyningssikkerheit eller anna. (krever strøm, men vil ikkje betale)

2. Dyr straum industri: handlar om at industrien får økonomiske problem på grunn av høge strømpriser, at dei må stoppe produksjon for å spare straum/ det er for lite straum i omløp. Vil ha rammebetingelsar der staten sponsrar, eigne avtalar osv.

3. Billig straum: handlar om at straumen er billig, er at straumprisane er på veg ned.

Miljø

4. Vern av natur: opptatt av at utbygging av strømnettverket øydelegg naturen og turområder.

5. Bærekraftig utvikling: opptatt av at miljømessige positive konsekvensar, eller at ein kan spare straum for å skåne miljøet. Vil kutte forbruket pga. miljø, miljøvennlige løysningar, ikkje bare pga straumpris. Villig til å betale meir for infrastruktur/ straum om det er miljøvennleg, villig til å sjå infrastrukturen. "Må tåle master for miljøet".

6. Andre alternativ: fokuset er på at den nåverande kraftforsyninga er därleg organisert, og etterlyser andre alternativ; feks gasskraftverk, atomkraftverk, vind- eller solkraft.

Forsyningssikkerheit

7. Kraftmangel: påpeiker når forsyningssikkerheit, når infrastruktur. Er opptatt av at straumforsyninga per i dag ikkje er tilfredsstilande, eller at det er mangel på strøm/ lite vatn i magasina. Vil ha meir utbygging; fleire straumlinjer/ anna. Ikke hovudsakleg opptatt av estetikk, naturvern eller økonomi, men av strømkrise og kraftmangel. "Må tåle master for forsyningssikkerheita"

8. Kraftoverskot: meiner det er god forsyningssikkerheit, og at kraftmangel er eit resultat av at kraftbransjen driv "rovdrift" og sel meir kraft til utlandet enn kva som er forsvarleg. Argumenterer for at Norge hadde vore sjølvforsynte med straum, pluss at straumprisen ville gått ned om kraftbransjen hadde oppført seg meir ansvarleg. Meiner at kraftbransjen tener for mykje pengar.

7. Anna

For at noko skal bli koda som primær (ramme og aktør) skal størstedelen av artikkelen handle om dette/ denne, og gjerne vere knytta til overskrift, ingress og bilde. I tillegg skal det som er primær som hovudregel bli omtalt først.

7. Sekundærramme

Same skjema som på primær
+ 8. Ingen sekundærramme

8. Opptatt av forsyningssikkerheita i

1. Midt Norge (Sunnmøre og Trøndelag)
2. Vestlandet (Bergen, Hardanger + omegn)
3. Generelt Norge
4. Anna område

9. Primær kildegruppe

- | | |
|---|-----------------------------|
| 1. Rikspolitikar | 6. Miljøorganisasjonar |
| 2. Lokal/ fylkespolitikar | 7. Forbrukar/ mannen i gata |
| 3. Næringsliv | 8. Akademia |
| 4. Myndigheter (Regjering, departement, etat) | 9. Analytikar |
| 5. Kraftbransjen | 10. Anna/ ukjent/ anonym |
| | 11. Journalist/ redaktør |

10. Primær kildeaktør

Politikarar

- | | |
|---------------------|-----------------------|
| 1. Rikspolitikar Ap | 10. Lokalpolitikar Ap |
| 2. Rikspolitikar SV | 11. Lokalpolitikar SV |

- | | |
|-------------------------------|---------------------------------|
| 3. Rikspolitikar Sp | 12. Lokalpolitikar Sp |
| 4. Rikspolitikar H | 13. Lokalpolitikar H |
| 5. Rikspolitikar Frp | 14. Lokalpolitikar Frp |
| 6. Rikspolitikar V | 15. Lokalpolitikar V |
| 7. Rikspolitikar Krf | 16. Lokalpolitikar Krf |
| 8. Rikspolitikar Rødt | 17. Lokalpolitikar Rødt |
| 9. Rikspolitikar Miljøpartiet | 18. Lokalpolitikar Miljøpartiet |

Næringsliv og fagforbund

- 19. NHO + Energi Norge
- 20. LO
- 21. Norsk Industri
- 22. Statoil
- 23. Industri Energi
- 24. Industribedrifter anna
- 25. Industribedrifter lokalt Midt Norge
- 66. Industribedrifter lokalt Bergensområde

Myndigheter

- 26. Miljødepartementet
- 27. Olje- og Energidirektoratet
- 28. Norges Vassdrag- og Energidirektorat
- 29. Direktoratet for Naturforvaltning
- 30. Enova
- 31. Nærings- og Handelsdepartementet
- 32. Forbukerombudet
- 33. Olje- og Energidepartementet
- 34. Anna forvaltning

Kraftbransjen

- 35 . Statnett
- 36. Statkraft
- 37. NTE
- 38. BKK
- 39. Hafslund
- 40. Trondheim Energi
- 41. TrønderEnergi
- 42. Anna straumselskap

Miljøorganisasjonar

- 43. Bellona
- 44. Zero
- 45. Bevar Hardanger

- 46. Norges Naturvernforbund
- 47. Den norske Turistforening?
- 48. Norges Miljøvernforbund
- 49. Natur og Ungdom
- 50. World Wildlife Founds (WWF)
- 51. Anna miljøorganisasjon

Akademia

- 52. NTNU
- 53. SINTEF
- 54. Norsk Institutt for naturforskning (NINA)
- 55. Anna akademia

Mannen i gata

- 56. Mannen i gata mann
- 57. Mannen i gata kvinne
- 58. Mannen i gata ukjent kjønn

Analytikar

- 59. Tidlegare ansatt i bransjen
- 60. Ekspert/ kraftanalytikar/ energirådgjevar
- 61. Ingen/ ikkje aktuelt

Journalist/ redaktør

- 62. journalist
- 63. redaktør

- 64. Aksjonist
- 65. Grunneigar

11. Er primæraktør avsendar av primærramme?

- 1. Ja
- 2. Nei

12. I så fall, kva er primæraktør si ramme?

Same tabell som primærramme

13. Sekundærkildegruppe


- | | |
|---|-----------------------------|
| 1. Rikspolitikar | 6. Miljøorganisasjonar |
| 2. Lokalpolitikar | 7. Forbrukar/ Mannen i gata |
| 3. Næringsliv | 8. Akademia |
| 4. Myndigheter (Regjering, departement, etat) | 9. Analytikar |
| 5. Kraftbransjen | 10. Anna/ ukjent/ anonym |
| | 11. journalist/ redaktør |

14. Sekundær kildeaktør

Same skjema som på primær

Appendix C

C1: Eksempel på nettleiekalkulator



Se hva vi i EB bruker penger til i din kommune:

Drammen

I Drammen har EB Nett hatt en reduksjon i nytableringen de to siste årene, og selv om det nå antas at markedet vil endre seg er det ved inngangen til 2010 relativt stille på dette området. Det antas at både Gulskogenområdet og sentrumsnære områder ved Grønland vil ha en videre utvikling i perioden som kommer. Det er etablert to nye idrettsanlegg på Berskau som hhv. tennis og flerbrukshall.

Hovedtyngden av våre prosjekter har i 2009, og vil i 2010, være relatert til rehabiliteringsprosjekter i eget nett, og fellesprosjekter med andre aktører. De største i denne sammenhengen er relatert til Øvre Sund bro, Grønland, og etablering av gang/sykkelvei på Holmestrandsveien.

Generelt vil det bli benyttet i storrelsesorden 5-10 millioner kr. for rehabilitering av eksisterende nettkomponenter i Drammen i 2010.

Noen av de større prosjektene for nye tilknytninger til strømnettet som er fullført i det siste, eller fortsatt er i gang:

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Øvre Sund bru | Gulskogen området |
| Holmestrandsveien gangvei | Skogliveien NSB |
| Grønland | Berskau Tennishall |
| Berskau flerbrukshall | |

I tillegg til arbeid med nye tilknytninger gjennomfører vi i år rehabilitering av flere eksisterende ledninger og netstasjoner. I Nybyen på Strømsø er gjennomføres et større prosjekt i samarbeid med kommunens vann- og avløpsavdeling. Vi gjør kontinuerlig vedlikehold på våre høyspentlinjer, og på lavspentlinjene er det spesielt på Assiden vi jobber en del i tiden som kommer.

EB har søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om anleggskonsesjon for bygging av ny 132 kV kraftledning fra Langum til Grønland og over til Bragernes. I tillegg til bygging av ny Grønland transformatorstasjon i Drammen. Disse anleggene skal sikre en mer fleksibel og driftsikker kraftforsyning til Drammen og omegn. Dette er et stor løft for oss, og investeringen har en kostnadsramme på om lag 90 millioner kroner.